



DET KONGELEGE FORNYINGS-,
ADMINISTRASJONS- OG KYRKJEDEPARTEMENTET

Meld. St. 50

(2012–2013)

Melding til Stortinget

Nordisk samarbeid



Innhald

1	Innleiing	5	5.3	Nærings-, energi- og regionalpolitikk	21
2	Aktuelle saker	7	5.4	Miljø	24
2.1	Prioriteringsbudsjettet	7	5.5	Nordisk strategi for berekraftig utvikling	26
2.2	Grensehinder	8		Sosial og helse	26
3	Nordens naboar	9	5.6	Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø	28
3.1	Nærområdesamarbeidet	9	5.7	Barn og unge	29
3.2	Arktisk råd	10	5.8	Likestilling	30
3.3	Barentsrådet	11	5.9	Fiskeri og fangst	31
3.4	Austersjørådet	12	5.10	Jord- og skogbruk	32
3.5	Den nordlege dimensjonen	12	5.11	Ernæring og mattryggleik	33
4	Utanriks-, forsvars- og utviklingspolitisk samarbeid ...	14	5.12	Økonomi- og finanspolitikk	34
4.1	Nordisk samarbeid – ein integrert del av europapolitikken	14	5.13	Justissektoren	36
4.2	Det utanrikspolitiske samarbeidet, Stoltenberg-rapporten	14	5.14	Administrasjon og forvaltning, forbrukarpolitikk, frivillig sektor, flyktningar og migrasjon	37
4.3	Utanrikshandel	16	5.15	Samar og nasjonale minoritetar	38
4.4	Forsvarssamarbeid	16	5.16	Samferdsel	39
4.5	Utviklingssamarbeid	18	5.17		
5	Fagleg samarbeid i Ministerrådet	19		Vedlegg	
5.1	Kultur	19	1	1 Samanstilling av budsjetta for 2014 og 2013	42
5.2	Utdanning og forskning	20	2	2 Nordisk samarbeid. Nettstader	43
			3	3 Forkortingsregister	44



DET KONGELEGE FORNYINGS-,
ADMINISTRASJONS- OG KYRKJEDEPARTEMENTET

Meld. St. 50

(2012–2013)

Melding til Stortinget

Nordisk samarbeid

*Tilråding frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet 4. oktober 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Det nordiske samarbeidet står i dag sterkt og blir vidareutvikla i høgt tempo. Spesielt gjeld dette det utanriks- og tryggingpolitiske samarbeidet, som får aukande merksemd også utanfor Norden, og som dannar modell for moderne regionalt tryggingssamarbeid. Den nordiske solidaritetserklæringa er eitt av fleire uttrykk for ein klar dynamikk i retning av eit breiare og djupare samarbeid. Samarbeidet byggjer vidare på godt etablerte strukturar og samarbeidsformer med sikte på å oppnå resultat både for kvart nordisk land og for Norden samla sett, både i europeisk og internasjonal samanheng.

Nordisk samarbeid har i aukande grad vorte ein integrert del av europapolitikken. Dette gjeld særleg på område der dei nordiske landa har samanfallande interesser. Den europeiske integrasjonsprosessen har vorte ei felles ramme for politikk- og regelverksutviklinga i dei nordiske landa. Først og fremst gjeld dette på område som fell inn under EØS-avtalen, mellom anna nedbygging og avvikling av grensehinder, men òg arbeidsliv, velferd, likestilling, miljø og klima. Også det nordiske samarbeidet om visumhandtering, konsulerare saker og politisamarbeid er styrkt og vidare-

utvikla. Slik har det nordiske samarbeidet innanfor EU/EØS vorte eitt av dei viktigaste nordiske samarbeidsinstrumenta sidan Helsingforsavtalen vart inngått for 50 år sidan.

Innanfor Nordisk ministerråd er det sett i gang eit arbeid med å gjennomgå samarbeidsformene våre for å tilpasse det nordiske samarbeidet til ei tid med store globale omveltingar. Det nordiske samarbeidet har suksessivt blitt reformert dei seinare åra, og denne prosessen kjem til å halde fram. Ei betydeleg budsjettreform fann stad i 2013 i samband med samanslåinga av globaliseringsinitiativet og midlane til formannskapane (formannskapspuljen). Hovudformålet med det såkalla prioriteringsbudsjettet er å skape større dynamikk i det nordiske samarbeidet og gje rom for innovative satsingar. Den svenske formannskapen i 2013 blir den første som bruker denne nye budsjettordninga.

Den svenske formannskapen i 2013 byggjer mykje på hovudtemaet under den norske formannskapen, nemleg utfordringar for den nordiske modellen, der arbeidsløyse blant unge, konkurransekraft, eit likestilt og berekraftig samfunn og demografiske utfordringar utgjer hovudbol-

kane. Mineralressursar er eit nytt område som Sverige har teke opp i samarbeidet i Nordisk ministerråd.

Nordisk ministerråd legg stor vekt på samarbeidet med nabolanda til Norden. Retningslinjene for det framtidige samarbeidet mellom ministerrådet og naboområde i aust etter 2013 blir venteleg vedtekne i haust. Det er òg utvikla eit nært samarbeid med andre regionale råd som Barentsrådet, Austersjørådet og Arktisk råd. Den nordlege dimensjonen er eit viktig forum for eit sterkare nordisk samarbeid med Nordvest-Russland.

Organisering av det nordiske samarbeidet

Statsministrane

Statsministrane har det overordna ansvaret for det nordiske regjeringssamarbeidet og har regelmessige nordiske møte i tillegg til den kontinuerlege kontakten om nordiske og internasjonale spørsmål. Statsministrane møttest mellom anna i samband med Nordisk råds sesjon i Helsingfors i oktober 2012, og i denne samanhengen var det òg møte med Nordisk råds presidium og med representantar for dei sjølvstyrte områda. Sverige var vertskap for sommarmøtet i Stockholm i mai 2013. Neste statsministermøte finn stad i samband med Nordisk råds sesjon i Oslo 29. oktober 2013.

Samarbeidsministrane, budsjett og administrasjon

Samarbeidsministrane møttest som regel tre gonger i året. Fornyings-, administrasjons- og kyrkje- og kulturminister Rigmor Aasrud har vore norsk samarbeidsminister sidan oktober 2009. Samarbeidsministeren legg stor vekt på å ha eit godt samarbeid med Nordisk råd.

Samarbeidsministrane koordinerer det nordiske regjeringssamarbeidet. Eit viktig ansvarsområde er ministerrådsbudsjettet og økonomistyring. Budsjettet til Nordisk ministerråd for 2013 var på 986 millionar danske kroner og vart vedteke i semje med Nordisk råd. Den norske delen er om lag 30,6 prosent, basert på ein fordelingsnøkkel som vert rekna ut med utgangspunkt

i delen dei respektive landa har av den samla nordiske bruttonasjonalinntekta. For 2014 er det foreslått eit kutt på 5 prosent samanlikna med budsjettet i 2013. Kuttet har nær samanheng med den vanskelege økonomiske situasjonen som enkelte av dei nordiske landa opplever. Reduksjonen representerer ikkje noka nedprioritering av det nordiske samarbeidet. Budsjettet skal vedtakast av samarbeidsministrane i slutten av oktober 2013. Også for dei neste to åra er det lagt opp til budsjettreduksjonar på høvesvis 2 prosent i 2015 og inntil 3 prosent i 2016.

Samarbeidsministrane har ansvaret for det daglege arbeidet, medan generalsekretæren i Nordisk ministerråd skal koordinere og førebu den konkrete innsatsen. I mars 2013 tiltredde ny generalsekretær, Dagfinn Høybråten.

Stillinga til dei sjølvstyrte områda i det nordiske samarbeidet

Ålandsdokumentet frå 2007 inneber at dei sjølvstyrte områda på visse område vert likestilte med dei nordiske landa når det gjeld arbeidet i Nordisk ministerråd. Helsingforsavtalen vart ikkje endra, men vert tolka slik at sjølvstyre, landsstyre og landskapsregjering, innanfor ramma av den kompetansen dei har, får rett til å vere adressatar for og kan svare på tilrådingar og spørsmål frå Nordisk råd. Dei sjølvstyrte områda kan leie ministermøte, embetsmannskomitear og arbeidsgrupper. Ålandsdokumentet gjev dei sjølvstyrte områda rett til å søkje om full medlemskap i nordiske institusjonar og samarbeidsorgan dersom området har ei «særskilt påviseleg interesse» for institusjonen.

Innhald

Meldinga orienterer i kapittel 2 om aktuelle saker i det nordiske samarbeidet. Kapittel 3 omhandlar samarbeidet med nabolanda og dei andre regionale råda, medan kapittel 4 orienterer om nordisk utanriks-, forsvars- og utviklingspolitisk samarbeid. Kapittel 5 omtalar det faglege samarbeidet i ministerrådet.

2 Aktuelle saker

2.1 Prioriteringsbudsjettet

Prioriteringsbudsjettet vart oppretta i 2013 og har til formål å gje rom for politiske initiativ frå landa og gjere arbeidet i NMR meir fleksibelt. Prosjekta skal fortrinnsvis vere tverrsektorielle og involvere fleire land. Prioriteringsbudsjettet omfattar hovudsakleg to område: velferd og grøn vekst.

Haldbar nordisk velferd 2013–2015

Fokus under den norske formannskapet i 2012 var velferdsstatens utfordringar. Eit resultat av denne satsinga var opprettinga av det tverrsektorielle programmet *Haldbar nordisk velferd*, som blei vedteke våren 2012. Dette programmet blir eitt av dei største NMR-tiltaka i perioden 2013–2015. Programmet blei lansert i august 2013. Fleire departement og sektorar er involverte i dette programmet.

Dei nordiske landa står overfor felles utfordringar når det gjeld å sikre utvikling og berekraft i velferdssystema. Programmet skal realisere oppfordringa frå dei nordiske statsministrane i 2012 om å utarbeide konkrete forslag til vidareutvikling av det nordiske samarbeidet i helsesektoren og på utdannings- og arbeidsmarknadsområdet. Budsjettet for 2013 er på 17 815 000 DKK.

Ministerrådet for utdannings- og forskingspolitikk (MR-U) og ministerrådet for sosial- og helsepolitikk (MR-S) gjennomførte i 2012 kartleggingar, bakgrunnsstudiar, forprosjekt og analysar for å utvikle og konkretisere programmet.

Programmet for haldbar nordisk velferd skal realiserast gjennom aktivitetar på satsingsområda utdanning og arbeid for velferd, forskning for velferd og infrastruktur for velferd.

Programmet initierer nordisk samarbeid om konkrete tiltak og nordiske plattformer for dialog og kunnskapsutveksling. På helseområdet skal det samarbeidast om desse temaa: 1) sosial ulikskap i helse og velferd, 2) modellar for rekruttering av tilsette i helse- og omsorgssektoren og korleis ein får tilsette til å bli verande i sektoren, 3) forskingsinfrastruktur, 4) kliniske multisenterstudiar og 5) høgspesialisert behandling. I løpet

av programperioden skal det òg setjast i gang nordisk samarbeid om velferdsteknologi.

Forskning og utdanning

Sektorprogrammet for ministerrådet for utdanning, *Velferd i praksis*, har to hovudprioriteringar. Den første er å invitere til nordisk dialog om kompetanse for velferdsyrka og innovasjon i tenesene. Det andre er å vurdere grunnlaget for felles nordiske initiativ som kan betre samspelet mellom utdanning, forskning og innovasjon på områda grøn vekst, helse og velferd.

Med bakgrunn i møtet mellom dei nordiske statsministrane hausten 2011 utarbeidde den norske formannskapet saman med Nordisk ministerråds sekretariat i 2012 ein handlingsplan for grøn vekst på utdannings- og forskingsområdet.

Innanfor det tverrsektorielle programmet *Haldbar nordisk velferd* har ministerrådet for utdanning koordineringsansvar som omfattar fleire prosjekt under overskrifta *Utdanning for arbeid og velferd*. Ein delstudie skal kartlegge godkjenningsordningar for lovregulerte yrke og profesjonsutdanningar i dei nordiske landa.

Den svenske formannskapet utviklar i 2013 eit nordisk prosjekt om læring på arbeidsplassen. Dette er ei oppfølging av eit norsk initiativ og skal fremje samarbeid mellom utdanningsmyndigheiter på nasjonalt nivå og mellom lokale og regionale aktørar. Målgruppa er ungdom og vaksne.

Næring

Ministerrådet for næringspolitikk er ansvarleg for fleire prosjekt under prioriteringsbudsjettet. Ei av hovudprioriteringane for den svenske formannskapet er etableringa av NordMin, det nordiske ekspertnettverket for ein berekraftig gruve- og mineralindustri i Norden. NorMin blei etablert i 2013 og skal formidle kor viktig gruve- og mineralnæringa er for grøn vekst i Norden. Nettverket skal fremje forskings-, utdannings- og utviklings-samarbeid i den nordiske gruve- og mineralindustrien.

To av prosjekta på prioriteringsbudsjettet ligg òg under statsministranes initiativ for grøn vekst. Under prosjektet *Grønt offentleg innkjøp* blir ein forstudie om korleis grøne innkjøpsstandardar kan koordinerast i Norden, avslutta i 2013. Forprosjektet vil danne grunnlaget for eit hovudprosjekt som det er venta blir vedteke og sett i gang hausten 2013.

Prosjektet *Grøne tekniske normer og standardar – Norden som standardmakar* skal bidra til å fjerne barrierar for handel innanfor berekraftig bygging. Dette inneber standardisering av tekniske normer og standardar på enkelte område og eit auka samarbeid om gjennomføring og vidareutvikling av europeiske direktiv om energieffektivitet. I 2013 er det løyvd midlar til prosjekt om berekraftig renovering, innandørs klima og deklarasjonar for bygningar og byggjemateriale.

Innovasjonsprogrammet *Nordic Built* skal styrkje utviklinga av berekraftige byggjekonsept og styrkje Norden som ein føregangsregion innanfor klimavennleg bygging. Dette gjennom å bidra til innovasjon, vekst og eksport på området. Eit charter med ti grunnprinsipp blei lansert i 2012 og har brei forankring i den nordiske byggebransjen ved at dei har skrive under charteret. *Nordic Innovation* gjennomfører i 2013 *Nordic Built Challenge* om berekraftig renovering av fem nordiske bygg.

KreaNord ble i 2013 ein prioritert innsats i det offisielle nordiske samarbeidet. KreaNord er eit tverrsektorielt initiativ der ministerråda for næringspolitikk og kultur har delt ansvar. Mandatet til KreaNord for 2013–2015 blei godkjent på møtet mellom næringsministrane i 2012. KreaNord skal bidra til å utvikle Norden som ein føregangsregion innanfor dei kreative industriane. Formålet er å styrkje moglegheitene for vekst, sysselsetjing og eksport av kreative industriar.

KreaNord dannar ramma for samarbeid mellom myndigheiter, private verksemder og utdanningsinstitusjonar for å skape auka verdi i dei kreative industriane i Norden. Budsjettet for 2013 er på 5 090 000 DKK.

2.2 Grensehinder

Grensehinderarbeidet står i dag høgt på den politiske dagsordenen i Norden. Menneske og bedrifter skal ikkje behøve å støyte på noko som er til hinder for at dei kan drive verksemda si over nasjonalgrensene. Ved at vi byggjer ned grensehinder, får Norden dessutan større konkurransekraft på den globale marknaden.

Sidan merksemda rundt grensehinder er aukande, og ettersom mandatet til Grensehinderforum, som vart oppretta av statsministrane i 2007, går ut ultimo 2013, blir det utarbeidd ein handlingsplan for arbeidet med grensehinder i ministerrådet.

Norden bør vere eit forbilde i verda når det gjeld samarbeid over grensene. Norden har lang tradisjon for at innbyggjarane fritt kan krysse dei nordiske grensene, ein tradisjon vi vil verne om og prioritere. I handlingsplanen blir det lagt opp til å skape eit nordisk samsyn som gjennomsyrrar grensehinderarbeidet. Det skal skisserast eit felles rammeverk for å identifisere kva grensehinder som skal fjernast. Handlingsplanen vil òg foreslå enkelte organisatoriske endringar i grensehinderarbeidet. Samarbeidet med Nordisk råd blir tillagt betydeleg vekt, og generalsekretæren i Nordisk ministerråd får ei sterkare rolle i arbeidet med grensehinder. Det blir lagt vekt på det ansvaret samarbeidsministrane har for å byggje ned grensehinder. Målet er å likestille nordisk nytte med nasjonal nytte.

3 Nordens naboar

3.1 Nærområdesamarbeidet

Nærområdesamarbeidet til Nordisk ministerråd omfattar samarbeidet med Nordvest-Russland, Estland, Latvia og Litauen, i tillegg til naboar i vest. Dessutan samarbeider ministerrådet med regionale råd: Barentsrådet, Austersjørådet, Arktisk råd og Den nordlege dimensjonen. Nærområdesamarbeidet omfattar òg innsatsen overfor Kviterrussland. Målsetjinga for samarbeidet mellom ministerrådet og nabolanda i Austersjøregionen og Barentsregionen er å skape ein samanhengande, velståande og stabil region gjennom samarbeid på område av felles interesse. Dei seinare åra er det regionale samarbeidet blitt intensivert, delvis gjennom EUs austersjøstrategi, delvis gjennom felles aktivitetar og program.

Arktisk samarbeidsprogram

Samarbeidsprogrammet *Berekraftig utvikling i Arktis* (2012–2014) fokuserer på og støttar opp om dei områda der Norden har felles interesser og utfordringar i Arktis. Fokus er på berekraftig utvikling, klima og miljø, befolkning, helse, utdanning og kompetanseutvikling. Aktivitetane i programmet tek utgangspunkt i strategiane dei nordiske landa har sett opp for regionen og Arktisk råd.

Det vidare samarbeidet med naboane i aust

Under den norske formannskapet i Nordisk ministerråd blei det sett ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide nye retningslinjer for samarbeidet med Russland, Estland, Latvia og Litauen etter 2013. Arbeidsgruppa såg på prioriteringane som blir lagde til grunn, og på instrumenta som blir brukte for å nå dei oppsette måla. Arbeidsgruppa tok òg stilling til om det skal utarbeidast eit samla sett retningslinjer for samarbeidet med Russland og dei baltiske landa. Nye retningslinjer skal leggjast fram under sesjonen i Nordisk råd i Oslo i 2013.

Nordvest-Russland

Ministerrådet legg stor vekt på samarbeidet med Russland. Samarbeidet fokuserer først og fremst på fylka i Nordvest-Russland, og målsetjinga er å bidra til å styrkje kontaktane over grensa og å skape betre føresetnader for økonomisk samarbeid og demokratisk utvikling. Andre prioriterte område er utdanning, forskning, innovasjon og miljø, klima og energi. Nye retningslinjer blir vedtekne hausten 2013. Nordisk ministerråd har kontor i St. Petersburg, Kaliningrad, Murmansk, Petrozavodsk og Arkhangelsk, og desse spelar ei sentral rolle i gjennomføringa av retningslinjene. I budsjettet for 2014 er det foreslått at Kaliningrad administrativt blir lagt inn under St. Petersburg. Nordisk ministerråd administrerer eit program for kunnskaps- og nettverksutvikling som gjennom støtte til praktisk prosjektsamarbeid skal støtte opp om dei overordna prioriteringane i retningslinjene. Nordisk ministerråd forvaltar òg ei tilskotsordning som skal bidra til samarbeid mellom NGO-ar og med nabolanda i aust, mellom dei Russland (sjå eigen omtale).

Programmet for samarbeidet mellom NMR og Russland om utdanning og forskning i kjølvatnet av avtalen som vart inngått hausten 2011, starta opp i 2012.

Samarbeidet med Estland, Latvia og Litauen

Nordisk ministerråd har kontor i Estland, Latvia og Litauen. Verksemda ved kontora er styrt av retningslinjer som er felles for dei tre landa. Nye retningslinjer er venta vedtekne ultimo 2013. Kontora støttar landa, fagministerråda, dei nordiske institusjonane og sekretariatet i København i utviklinga av felles nordisk samarbeid med dei baltiske landa. Det vert lagt vekt på at samarbeidet skal vere tosidig, og at nasjonale og lokale styresmakter, dei frivillige organisasjonane og andre deltakarar i samarbeidet tek del i finansieringa av prosjekt og program og kjem med råd om val av prioriterte område.

Nordisk-baltiske mobilitetsprogram for kultur og næring

I dei nordiske mobilitetsprogramma for kultur, administrasjon og næringsverksemd vart det i 2009 opna for at dei baltiske landa kunne delta. Det nordisk-baltiske mobilitetsprogrammet for kultur vart utvida til perioden 2012–2014 på det nordisk-baltiske kulturministermøtet i Åbo i 2011. Prioriterte område for 2013–2014 er å styrkje mobilitet og nettverksbygging for kulturaktørar, i tillegg til støtte til kunstnarresidensar for profesjonelle kunst- og kulturaktørar.

Kviterussland

Dei nordiske landa støttar ei demokratisk utvikling i Kviterussland. Nordisk ministerråd samarbeider med EU om støtte gjennom eksiluniversitetet European Humanities University (EHU) for kviterussiske studentar i Vilnius. Det er etablert eit internasjonalt fond for EHU for å sikre koordinering av støtta og trekkje til seg fleire gjevningar. Fondet vert administrert i nært samarbeid mellom ministerrådet, EU og EHU. Fondet blei nyleg utvida med tre år til utgangen av 2016. Ministerrådet forvaltar i tillegg eit stipendprogram for unge kviterussarar og samarbeider med EU om gjennomføring av eit prosjekt til støtte for det sivile samfunnet.

Nordisk ministerråds NGO-program

Nordisk ministerråd har ei eiga tilskotsordning for prosjektsamarbeid mellom frivillige organisasjonar i dei baltiske landa, Russland, Kviterussland, Polen og dei skandinaviske landa, det såkalla NGO-programmet. Midlane vert brukte til å støtte opp under prioriteringane i retningslinjene for Russland, Kviterussland og dei baltiske landa.

Naboar i vest

Budsjettposten for samarbeidet med naboar i vest prioriterer det marine området, næring, miljø, klima og energi, utdanning og kultur. Budsjettet til samarbeidet med naboar i vest vert primært brukt som såkornsmidlar.

Nordisk Atlantersamarbeid (NORA) er ein nordisk institusjon som arbeider med utviklingstiltak i Nord-Noreg, Vest-Noreg, Island, Færøyane og Grønland. NORA starta i 2011 arbeidet med eit treårig strategiprogram som skal følgjast opp av årlege arbeidsplanar. Dette skjer med utgangspunkt i OECD-analysen og retningslinjene

for samarbeidet mellom Nordisk ministerråd og Nordens naboar i vest. Strategien skal styrkje område der regionen allereie har kunnskap, som fiskeri og marine ressursar. Prioritert er òg innovasjon, infrastruktur, styrkt kontakt med dei vestlege naboane våre i Canada og Skottland, samt tiltak for å spreie informasjon om regionen og for utveksling av *best practices*.

3.2 Arktisk råd

Arktisk råd er det einaste sirkumpolare politiske samarbeidsorganet på regjeringnivå, og det er berre Arktisk råd som samlar alle dei arktiske statane og representantar for urfolk for drøfting av saker av felles interesser.

Canada overtok formannskapet i Arktisk råd etter Sverige i mai 2013, og ein samanhengande periode på seks år med nordiske formannskapar tok slutt. Auka politisk merksemd og satsing på å gjere arbeidet i rådet meir effektivt har vore nokre av prioriteringane for den norske, danske og svenske formannskapet.

Arktisk råd har fått mykje større internasjonal innverknad dei seinare åra. Klimaendringane i Arktis har globale konsekvensar. Før ministermøtet i Kiruna 2013 hadde Noreg samarbeidd tett med dei andre nordiske landa for at dei åtte medlemslanda skulle bli samde om å inkludere nye observatørar i rådet. Derfor var det eit viktig gjennombrudd då det blei semje på ministermøtet om å ta opp seks nye land (Italia, India, Japan, Kina, Singapore og Sør-Korea) som observatørar, og det blei fatta ei prinsipiell avgjerd om at også EU får observatørstatus i Arktisk råd.

På ministermøtet i Kiruna blei også det permanente sekretariatet for Arktisk råd formelt oppretta. Sekretariatet vil styrkje arbeidet i rådet og bidra til å markere Tromsø som eit kraftsentrum i norsk og internasjonal polar samanheng.

Klima og miljø er eit hovudtema for arbeidet i Arktisk råd. Dei siste åra har dei ulike arbeidsgruppene i rådet lagt fram rapportar om hovud-elementa i arktisk klimaendring, mellom anna om havforsuring, naturmangfaldet i Arktis og kortliva klimadrivarar.

Endringane skjer no fort, og det er derfor særskild viktig å kunne dempe oppvarminga i Arktis. Kortliva klimadrivarar som sot og metan står for heile 30–40 prosent av dei menneskeskapte klimaendringane. Reduksjon i slike utslepp vil gje positiv klimaeffekt også på kort sikt. På ministermøtet i Kiruna blei det oppretta ei særskild arbeidsgruppe under Arktisk råd som skal sjå på tiltak for

å redusere utslepp frå kortliva klimadrivarar. Her vil det nordiske samarbeidet vere viktig, også for å sjå på korleis ein kan utvide dette til meir forplikande regionalt samarbeid om utslepp av kortliva klimadrivarar.

Dei siste par åra er det etter initiativ frå Arktisk råd blitt forhandla fram to bindande avtalar mellom medlemslanda i rådet. Avtalen om søk og redning tredde i kraft i januar 2013, og på ministermøtet i mai 2013 underteikna utanriksministre i medlemslanda ein avtale som skal førebygge oljesøl i Arktis. Dei nordiske landa vil samarbeide tett om å følgje opp avtalane, mellom anna gjennom felles øvingar.

3.3 Barentsrådet

Barentssamarbeidet har sidan starten i 1993 vore den sentrale drivkrafta i det regionale samarbeidet i nord. Det tette samarbeidet mellom regionane og mellom statane gjer Barentssamarbeidet unikt. Den sterke og sjølvstendige rolla til regionane sikrar lokal eigarskap og ein jamn tilførsel av idear og samarbeidsprosjekt. Store naturressursar og gode vekstvilkår for nye næringar skaper optimisme og auka internasjonal interesse for Barentsregionen. Barentssamarbeidet er eit breitt samarbeid som går føre seg på mange nivå og på dei fleste samfunnsområde. Det har medverka til ein sterk auke i folk-til-folk-kontaktene over landegrensene.

Dei sentrale organa i det formelle samarbeidet er Barentsrådet og Regionrådet. Medlemmene i Barentsrådet er Danmark, Finland, Island, Noreg, Russland, Sverige og EU-kommisjonen. Regionrådet omfattar 13 regionar medrekna dei tre nordlegaste fylka i Noreg. Noreg er formann i Barentsrådet fram til oktober 2013, då overtek Finland fram til 2015. På same tid blir formannskapet i regionrådet overført frå Norrbotten til Arkhangelsk fylke.

Norske hovudsatsingsområde under formannskapsperioden har vore næringsutvikling, miljø og folk-til-folk-samarbeid. Noreg har fremja Barentsregionen som ein ressursregion i Europa. Olje, gass, fisk, tømmer, mineral, metall og ikkje minst dei menneskelege ressursane er viktige fortrinn. For den norske formannskapet har det vore viktig å bidra til ei berekraftig og miljøvennleg industri- og teknologiutvikling i regionen. Utvikling av transport- og logistikknnettverket i regionen er viktig både for folk og næringsliv. Nye moglegheiter opnar seg med den nordlege sjøruta og auka eksport, mellom anna av metall. Ei ekspertgruppe

med deltakarar frå Finland, Noreg, Russland og Sverige utarbeider no ein felles transportplan for Barentsregionen, og eit første utkast skal etter planen leggjast fram hausten 2013.

Urfolk har ein framtrekande plass i Barents-samarbeidet. Skal ny næringsutvikling lykkast, må det takast omsyn til deira tradisjonelle levemåtar, kunnskapar og erfaringar. Noreg har i formannskapsperioden sett fokus på forholdet mellom urfolksinteressene, mineralnæringa og myndighetene. Noreg støttar òg arbeidsgruppa for urfolksspørsmål, både politisk og økonomisk. Av økonomiske grunnar ligg arbeidet i gruppa mellom nede per juni 2013. Frå norsk side arbeider vi for at arbeidet kan takast opp att snarast mogleg.

I Barentsrådet deltek Noreg i arbeidet på kulturfeltet gjennom arbeidsgruppa for kultur, Joint Working Group on Culture (JWGC).

Regionen er rik, men sårbar. Høge miljøkrav må derfor leggjast til grunn for næringsutviklinga. Etter planen skal Det internasjonale Barentssekretariatet i Kirkenes styrkjast med ei miljørådgjevarstilling i løpet av hausten 2013. Noreg leier arbeidet med ein klimahandlingsplan som det er tanken skal leggjast fram hausten 2013.

Dei to barentssekretariata i Kirkenes er viktige for samarbeidet. I ein eigen avtale mellom Utanriksdepartementet og Det norske Barentssekretariatet frå 2012 blir sekretariatet sikra midlar for tre år. Avtalen gjer at sekretariatet lettare kan planleggje bruken av prosjektstøtta det forvaltar.

Det internasjonale Barentssekretariatet sikrar kontakt med medlemsstatane og forvaltar ei nettside og eit arkiv med alle sentrale dokument. Saman med det norske Sametinget finansierer Utanriksdepartementet ein urfolksmedarbeidar ved Det internasjonale Barentssekretariatet.

Øvingsserien *Barents Rescue* blir halden annakvart år. Øvinga betrar kommunikasjon, koordinering og samarbeid mellom sivile og militære einingar. Ansvar for øvingane går på omgang mellom dei fire barentslanda. Noreg ved Justisdepartementet koordinerer *Barents Rescue 2013*, som gikk av stabelen 17.–19. september 2013. Dette var ei fullskala redningsøving der scenarioet var eit massivt jord- og steinskred i Lyngen i Troms.

Det parlamentariske samarbeidet i Barentsregionen er viktig. Stortinget arrangerte den sjettede parlamentariskkonferansen for Barentsregionen i Harstad 22.–24. april 2013. Det blei vedteke ei fråsegn om dei fleste saksområda for Barentssamarbeidet.

Statsminister Stoltenberg var vert då statsministre frå Finland, Island og Russland saman

med utanriksministrane frå Danmark og Sverige og éin av presidentane i EU-kommisjonen, markerte 20-årsjubileet for Barentssamarbeidet i Kirkenes 3.–4. juni 2013. Toppmøtet understreka kor viktig samarbeidet er for auka tillit og kontakt mellom folk og myndigheiter. Både frå norsk og russisk side blei det påpeika at auka tillit har bana veg for konkrete resultat, til dømes delelinja mellom Noreg og Russland. Ei ny Kirkenes-erklæring med auka fokus på næringsssamarbeid blei vedteken. Denne vil liggje til grunn for vidareutviklinga av Barentssamarbeidet.

3.4 Austersjørådet

Russland hadde formannskapet i Austersjørådet frå juli 2012 og blei avløyst av Finland 1. juli 2013. Russland har i formannskapsperioden hatt særleg fokus på innovasjon og modernisering i det økonomiske samarbeidet i regionen og på bruk av offentleg-private midlar til å finansiere prosjekt. Eit moderniseringsprogram mellom den russiske regionen Kaliningrad og tilstøytande regionar i Polen og Litauen som blei påbegynt under den føregående tyske formannskapet, er vidareutvikla; sentrale samarbeidsområde har vore turisme, naturforvaltning og utdanning. Denne modellen for grenseoverskridande samarbeid mellom regionar i tre medlemsland kan vidareutviklast. Det kan liggje til rette for liknande samarbeidsoppsett mellom den russiske regionen Pskov og naboregionar i Latvia og Estland, og mellom den russiske regionen Leningrad og tilstøytande regionar i Finland og Estland.

Finland legg i sin formannskap særleg vekt på å sjå Austersjørådet i samanheng med andre regionale råd, strukturar og strategiar i eit utvida regionalt perspektiv. Den nordlege dimensjonen med sine fire etablerte partnerskapar og EUs eigen strategi for Austersjøregionen er særleg sentrale i denne samanhengen; dessutan har Russland utvikla sin eigen strategi for Nordvest-Russland som omfattar både Barentsregionen og Austersjøregionen. Under den finske formannskapet har Austersjørådets embetskomité sett i gang drøftingar av Austersjørådets framtidige prioriteringar på lang sikt etter oppdrag frå utanriksministrane, og vil leggje fram konklusjonane sine for regjeringssjefmøtet i rådet tidleg i juni 2014. Rammevilkåra har endra seg ved at nye strategiar og strukturar har komme på plass etter at dei noverande fem prioriterte områda for arbeidet i Austersjørådet blei vedteke i Riga-deklarasjonen i 2008. Det kan ventast endringar i prioriteringane for å ta høgde for desse

nye føresetnadene og for å unngå overlapping og fremje synergi; også mandatet til Austersjørådet og organiseringa av sekretariatet i Stockholm må gjennomgåast. Det er brei semje om å vurdere oppgåvene til Austersjørådet fortløpande, og det kan registrerast større endringsvilje enn tidlegare.

For at Austersjørådet skal bli endå meir synleg og relevant for samarbeidet i regionen og for koordineringa av det, har rådet vedteke å bli meir prosjektorientert. I den samanhengen blei det i 2012 oppnådd semje om å opprette eit eige prosjektfond på 1 million euro for 2013–2015. Fondet er ikkje større enn at det primært må brukast til å førebu prosjekt, og dei første søknadene om støtte frå fondet blei innvilga i juni 2013. Gjennom aktiv bruk av fondsmidlane vil Austersjørådet i større grad enn før kunne initiere prosjekt og vere ein relevant partner i dei. Men når det gjeld investeringar, må utviklingsbankar i regionen, andre internasjonale finansieringsinstitusjonar, EU-midlar og privat-offentlege finansieringspartnerskapar komme inn. Medlemmene i Austersjørådet ser ikkje for seg at Austersjørådet skal utvikle seg til ein finansieringsinstitusjon.

Austersjørådet har eit særleg nært samarbeid med Nordisk ministerråd, og dette kjem til uttrykk på fleire måtar: sekretariata i dei to råda har nær og fortløpande kontakt om administrative spørsmål, og Nordisk ministerråds kontor i Kaliningrad har i 2012–2013 husa ein eigen prosjektkoordinator for Austersjørådets moderniseringsprosjekt med utgangspunkt i regionen. Austersjørådet vil ha interesse av å samarbeide nærmare med kontora til Nordisk ministerråd i St. Petersburg, Tallinn, Riga og Vilnius.

3.5 Den nordlege dimensjonen

EUs nordlege dimensjon vart etablert i 1997 som eit instrument for det regionale EU-samarbeidet i Nord-Europa, med særleg vekt på samarbeidet med Russland. I 2006 blei EUs nordlege dimensjon omforma til Den nordlege dimensjonen (ND), som er eit samarbeid mellom fire likeverdige partnarar: EU, Island, Noreg og Russland. I tillegg deltek regionale råd og internasjonale finansinstitusjonar. Vidare deltek dei mest involverte og interesserte EU-landa aktivt i samarbeidet, både på politisk og fagleg nivå. Regjeringas hovudmål med å vere med i Den nordlege dimensjonen er å ta del i og fremje det konstruktive og praktiske samarbeidet med EU og Russland i nærområda våre.

ND er ein dynamisk arena for konkrete samarbeidsprosjekt i nord med samfinansiering og

støtte frå dei internasjonale finansieringsinstitusjonane (IFI). Desse prosjekta blir sette i verk på fire område, såkalla partnerskapar for miljø, helse, kultur og transport/logistikk. Partnerskapane er ulike i forma, men dei er alle etablerte for å kombinere politikk med ekspertarbeid og praktisk prosjektverksemd. I tillegg inngår Northern Dimension Institute (NDI) og Northern Dimension Business Council (NDBC) i ND-arkitekturen.

Strukturfondet i NDs miljøpartnerskap (NDEP) har samla statlege bidrag som utgjer 342 millionar euro. I samarbeid med internasjonale finansieringsinstitusjonar har desse bidraga i sin tur utløynt lån og investeringar som tilsvarer ei tiddobling. NDEP har vore i drift i tolv år.

Som ein av grunnleggjarane deltek Nordisk ministerråd aktivt i ND-partnerskapen for helse (NDPHS) både i embetskomiteen og på ekspertnivå, mellom anna i ekspertgruppa for alkohol, narkotika og tobakk, der Nordens velferdssenter er medlem. Sekretariatet for NDPHS i Stockholm er formelt oppretta med folkerettsleg status, og Noreg har ratifisert avtalen.

ND-partnerskapen for transport og logistikk (NDPTL) har vore operativ sidan 2011 med sekretariat i Helsingfors. Hovudmålet er å fjerne flaskehalsar for grensekryssande transport og logistikk. Sidan oppstarten er det etablert eit transportnett-

verk for regionen som bind det transeuropeiske transportnettverket (TEN-T) saman med nabolanda Russland, Noreg og Kviterussland. Noreg legg vekt på ei god rollefordeling og eit godt samarbeid mellom arbeidsgruppa for transport under Barentsrådet og NDPTL. Under norsk formannskap i 2012 blei det lagt vekt på det maritime aspektet og tette kontaktar med næringslivsaktørar og andre interesserte partar. Transportministermøtet i Oslo i november 2012 vedtok å etablere eit støttfond. Dette er eit lovande område med stort potensial for gode prosjekt. Frå norsk side vil vi bidra med inntil 4 millionar kroner til fondet over tre år.

Noreg deltek aktivt i arbeidet med å utvikle kulturpartnerskapen i ND, som blei etablert i 2010. Nordisk ministerråd er sekretariat for partnerskapen i perioden 2011–2013. Det er semje om at sekretariatet skal flyttast til Riga i 2014 og samlokalisert med Nordisk ministerråds kontor i byen. Kulturpartnerskapen har som formål å skape ei plattform for kulturelt samarbeid gjennom å koordinere nettverk, prosjekt og andre kulturaktivitetar innanfor ND-området. Det er eit ønske om å arbeide meir med små og mellomstore bedrifter på felta turisme, kultur og kreative næringar.

4 Utanriks-, forsvars- og utviklingspolitisk samarbeid

4.1 Nordisk samarbeid – ein integrert del av europapolitikken

Noreg, Norden og EU står overfor mange av dei same utfordringane i samband med auka global konkurranse og med klima, energi og demografi. På det utanriks- og tryggingpolitiske området er det nordiske samarbeidet aukande. Stoltenberg-rapporten er eit viktig uttrykk for korleis Europa og breiare globale forhold gjev grobotn for eit dynamisk nordisk samarbeid. Både i EU og NATO er det aukande interesse for regionalt samarbeid mellom medlemsland og ikkje-medlemsland. Det ser vi på at alle dei nordiske landa og EU møtest i regionale samarbeidsforum som Barentsrådet, Austersjørådet, Arktisk råd og Den nordlege dimensjonen. Dei ulike fagministerråda under nordiske ministerrådsmøte fungerer òg som ein viktig møteplass for å diskutere EU/EØS-spørsmål og utviklinga av europeisk politikk innanfor dei ulike fagområda.

Det er mange eksempel på korleis det nordiske samarbeidet har bidrege til det europeiske samarbeidet. Dette gjeld ikkje minst sosiale spørsmål, likestilling, arbeidsmiljø, miljøvern og spørsmål om openheit og innsyn. Vi har størst sjanse til å påverke situasjonen på område der dei nordiske landa utmerker seg, og/eller der EU har ei særleg interesse. Det er viktig at saker som er til behandling i EU og EØS, og som er av fellesnordisk betydning, blir drøfta i ei nordisk ramme på eit tidleg tidspunkt. Samtidig er det viktig med tidleg varsling i saker der dei nordiske landa ikkje har felles interesser.

Det er ei prioritert oppgåve å styrkje kontaktane og informasjonsutvekslinga gjennom det nordiske samarbeidet på eit breitt spekter av saksområde når det gjeld EU og europeisk samarbeid. Regjeringa ønskjer å bidra til nært nordisk samarbeid om aktuelle europeiske spørsmål og vil aktivt bruke bilaterale relasjonar og nettverk.

4.2 Det utanrikspolitiske samarbeidet, Stoltenberg-rapporten

Det nordiske utanriks- og tryggingpolitiske samarbeidet har hatt ei særleg god utvikling dei siste

åra. Oppfølging av Thorvald Stoltenbergs rapport om styrking av det nordiske utanriks- og tryggingpolitiske samarbeidet (2009) er framleis ei viktig kjelde til politisk dynamikk og konkrete tiltak.

At vi har ulike tilknytingspunkt til NATO og EU, er ikkje til hinder for eit sterkare utanriks- og tryggingpolitisk samarbeid i Norden prega av konkret, gjensidig og synleg nordisk nytte. Den nordiske solidaritetserklæringa (2011) er eitt av fleire uttrykk for ein klar politisk dynamikk i retning av større breidde og djupne i samarbeidet. Erklæringa utgjer ein overbygning for samarbeid i ei solidarisk ånd for å møte utfordringar på det utanriks- og tryggingpolitiske området og for å hjelpe kvarandre dersom eit nordisk land skulle bli råka av naturlege eller menneskeskapte katastrofar, digitale angrep eller terrorangrep.

Digital tryggleik

Digitale angrep blir ei stadig alvorlegare tryggingpolitisk utfordring for alle dei nordiske landa. Eit digitalt angrep i eitt nordisk land kan ramme kritiske system også i andre nordiske land. Hausten 2013 blir det derfor etablert eit gradert kommunikasjonsnettverk mellom myndighetsorgana i dei nordiske landa for å kunne varsle, analysere og førebu tiltak mot eit digitalt angrep på nordiske land. Dette er ei konkret oppfølging av solidaritetserklæringa. Nettverket gjev òg eit grunnlag for ytterlegare konkret samarbeid om digital tryggleik. På overordna nivå blir det vurdert samarbeid om moglege felles posisjonar i strategiske spørsmål og internasjonale prosessar knytte til digital tryggleik og internettfridom.

Tryggingpolitisk samarbeid

Nordisk samarbeid i tryggingpolitiske spørsmål er ein del av eit større strategisk bilete når det gjeld regionalt og internasjonalt samarbeid, og bidreg til auka tryggleik gjennom Norden, EU, NATO og FN.

Det er aukande semje mellom dei nordiske landa når det gjeld trusselbilete, verdien av delta-

king i internasjonale operasjonar og nytta av nordisk fellesskap i tryggingsspolitisk samanheng. Dei nordiske landa styrkjer samspelet mellom utanriks- og forsvarssida, noko som kom klart til uttrykk på det nordiske utanriks- og forsvarsministermøtet i Bodø 2.–3. september 2012. Det er nyttig å samrå seg om overordna tryggingsspolitiske problemstillingar og om forsvarsplanlegging og forsvarsinnretting, også for å styrkje grunnlaget for konkret og operativt samarbeid.

Regjeringa set stor pris på det uformelle samspelet med parlamentarikarsida, som fornyar og forankrar den forsvars- og tryggingsspolitiske diskursen og politikken i og mellom dei nordiske landa.

Noreg tok våren 2012 initiativ til å styrkje det nordiske samarbeidet til støtte for FN's fredsoperasjonar. Initiativet blei godt motteke. Målet er å støtte utviklinga av FN's kapasitet til å planleggje og gjennomføre operasjonar og å samarbeide om militære bidrag. Noreg og Sverige deltek òg med politirådgjevarar i FN-leidde operasjonar. I Afghanistan ønskjer Noreg primært å fokusere framtidig militær innsats i Kabul, men vil dessutan vurdere eit vidare samarbeid i ei nordisk-baltisk ramme.

Sverige og Finland er nært knytte til NATO gjennom eit velutvikla partnarssamarbeid, og Noreg har ei brei politisk og militær kontaktflate med EU. Noreg ser positivt på finsk og svensk deltaking i øvingsdelen av NATOs regulære luftovervakingsoperasjon på Island i 2014. Noreg har delteke to gonger i innsatsstyrkane frå EU, og vi vurderer å delta igjen våren 2015 då Sverige har teke på seg å leie ein nordisk-baltisk innsatsstyrke.

Ambassadesamarbeid, konsulært samarbeid, kriseberedskap

Samarbeidet mellom dei nordiske utanrikstenestene er behovsstyrt og skal gje meirverdi og innsparingar for alle partar. I tillegg til å sikre betre ressursutnytting vil eit tettare nordisk samarbeid vere verdifullt for å fremje felles nordiske utanrikspolitiske prioriteringar, samtidig som det gjer Norden meir synleg. Det blir òg arbeidd med å påvise og fjerne eventuelle hinder for samlokalisering.

Tettast er samarbeidet der fysisk samlokalisering er eit faktum. I dag har vi ulike former for nordisk samlokalisering på rundt 30 stader verda over. Dei nordiske utanriksministrane vedtok i oktober 2012 ytterlegare samlokalisering mellom to eller fleire nordiske land i fem hovudstader. Det skal òg utarbeidast ein framdriftsplan for samlokalisering mellom alle fem landa i New York på lengre sikt.

Andre viktige samarbeidsområde er konsulære saker, migrasjons- og utlendingsspørsmål, kriseberedskap, tryggleik for utanriksstasjonane og deira tilsette og felles administrative støttefunksjonar.

Det er et tett og pragmatisk nordisk samarbeid om konsulær bistand, særleg i samband med alvorlege hendingar, naturkatastrofar og krise- og krigstilstandar. På utlendingfeltet er samarbeidet omfattande, og nordiske land representerer kvarandre i visumsaker ei rekkje stader i verda. På begge fagfeltene medverkar det nordiske samarbeidet til betre service for borgarane.

Ved store hendingar i land utanfor Norden er nordisk samarbeid om kriseberedskap med på å skape ein meir robust struktur for å kunne yte konsulær bistand under krevjande forhold. Samarbeidet lokalt er spesielt godt utvikla og viktig i risikoutsette område. Det omfattar utveksling av situasjonsforståing og planverk, og det blir halde felles øvingar. Sentralt mellom kriseorganisasjonane i utanriksdepartementa er det oppretta kontaktpunkt for regelmessig koordinering og informasjonsutveksling under pågåande konsulære kriser som vedgår fleire nordiske lands borgarar. Dei nordiske og baltiske landa gjennomførte i mars 2013 ei felles atomulykkeøving. Frå Noreg deltok Statens strålevern, Kriseutvalet for atomulykker og Utanriksdepartementets kriseorganisasjon i tillegg til 13 utanriksstasjonar.

Noreg vil framleis vere ein pådrivar for å bidra til eit stadig tettare, betre og meir effektivt samarbeid mellom dei nordiske utanrikstenestene.

Fredsmeklingsnettverk

Dei nordiske utanriksministrane blei hausten 2011 samde om å etablere eit nordisk fredsmeklingsnettverk. Nettverket heldt to møte i 2012, eitt arrangert av Finland i januar og eitt av Sverige i september. I 2012 utvikla Noreg og Finland i samarbeid med FN's Department of Political Affairs kurset Gender and Mediation for FN-tilsette og meklarar. Kurset blei halde i Oslo i juni 2013. Formålet med nettverket er å styrkje informasjonsutvekslinga og på sikt bidra til praktisk samarbeid.

Nordisk FN-samarbeid

Det nordiske samarbeidet i FN er nært og femner vidt. På ein del område er det utstrekt informasjonsutveksling mellom dei nordiske FN-delegasjonane, og det blir halde fellesnordiske innlegg både i Tryggingrådet og andre forum. Det likevel stor skilnad på kor sterkt samarbeidet er på

ulike område, mellom anna på grunn av utviklinga av EUs felles utanrikspolitikk.

Det nordiske valsamarbeidet i FN omfattar interne nordiske rotasjonsordningar i gruppa av vestlege land (WEOG). Slike rotasjonsordningar finst i meir eller mindre formaliserte former m.a. for Tryggingrådet, menneskerettsrådet (MR-rådet) og andre sentrale FN-organ. Formålet er å sikre at minst eitt nordisk land er representert i dei ulike organa oftast råd. Siste året har Sverige og Finland tapt to viktige val til høvesvis MR-rådet og Tryggingrådet. Etter dette har det vore nær dialog mellom dei nordiske landa for å sjå på vegen vidare for nordiske kandidatur og for valsamarbeidet. Generelt er det tett og fortløpande nordisk kontakt om alle valspørsmål i FN, m.a. i form av regelmessige møte mellom dei nordiske valmedarbeidarane i New York.

Det er godt samarbeid mellom nordiske land i dei styrande organa for FNs største fond og program – utviklingsprogrammet (UNDP), barnefondet (UNICEF) og befolkningsfondet (UNFPA) – og ein vurderer òg ein nordisk fellesframstøyt i samband med den kommande gjennomgangen av FNs fredsbyggingssamisjon.

Nordisk-baltisk samarbeid

Sverige har i 2013 koordineringsansvaret for det uformelle samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske utanriksministrane, som møtest fast årleg. Tilsvarende har statssekretærene og dei politiske direktørane årlege møte. Statsministrane i dei åtte landa har òg eit årleg uformelt møte, i randa av Nordisk råds sesjon, og har dei seinare åra dessutan hatt årlege møte med statsministeren i Storbritannia. I februar 2013 inviterte utanriksministeren i Sverige, som koordinator for NB8-samarbeidet i 2013, og utanriksministeren i Polen, i eigenskap av leiar for Visegrad-samarbeidet, til eit felles NB8/Visegrad-møte på utanriksministernivå. Møtet skal følgjast opp med eit felles utanriksministtermøte for dei to kretsane i Estland i 2014. Nordisk-baltisk forsvarsministtermøte vart halde i Brussel i november 2012, og det er planlagt eit nytt møte i Helsingfors i desember 2013 der ministrane skal ta opp saker av felles interesse. Interessa frå tredjeland for å samarbeide med NB8-kretsen er aukande.

4.3 Utanrikshandel

Det utanrikshandelspolitiske samarbeidet mellom dei nordiske landa er i dag meir uformelt enn tidle-

gare. Sidan kommisjonen har ansvar for den ytre handelspolitikken i EU, er det ikkje aktuelt med eit formelt samarbeid mellom dei nordiske landa om felles posisjonar i WTO. Det er likevel god uformell kontakt i WTO-spørsmål mellom dei nordiske delegasjonane i Genève og mellom dei nordiske deltakarane i handelskomiteen i OECD. På denne måten får Noreg informasjon om drøftingane i EU, og dei andre nordiske landa kan dra nytte av at Noreg deltek i grupperingar der EU berre er representert ved kommisjonen. Det er jamlege nordiske konsultasjonar om handelsretta utviklingssamarbeid.

Det er brei kontakt mellom dei nordiske hovudstadene, mellom delegasjonane og representasjonane i Brussel og mellom dei nordiske ambassadane i utanrikshandelspolitiske spørsmål. Nordisk ministerråd er òg ein arena for regelmessig nordisk dialog om aktuelle EU- og EØS-saker. Dei nordiske utanrikshandelsministrane møtest årleg til uformelt samråd om aktuelle utanrikshandelspolitiske saker. På dagsordenen står mellom anna finanskrisa og konsekvensane av ho, den nye vekst- og sysselsetjingsstrategien i EU (Europa 2020), samarbeid på den indre marknaden, næringsutvikling i nordområda og felles nordisk strategi for samfunnsansvar i næringslivet. Regjeringa legg vekt på at det utanrikshandelspolitiske samarbeidet skal dyrkast og utviklast vidare.

Kontakten med dei nordiske landa i spørsmål om EØS og den indre marknaden er viktig for å oppfylle ambisjonen regjeringa har om ein aktiv europapolitikk og om å arbeide målretta for å vareta norske interesser overfor EU. I 2013 har Noreg delteke i drøftingar med nordiske, baltiske og sentraleuropeiske land om den indre marknaden. Møte i eit slikt format, der ti EU-land deltek, gjev gode moglegheiter for å påverke og hente inn informasjon på område som er sentrale for Noreg som EØS-medlem.

Samarbeidet med nærområda til Norden på det økonomiske og handelspolitiske området har òg vorte viktigare.

4.4 Forsvarssamarbeid

Fleirnasjonalt forsvarssamarbeid blir eit stadig viktigare verkemiddel for å løyse felles utfordringar i forsvars- og tryggingsspolitikken. Dei fleste vestlege land gjer store kutt i forsvarsbudsjetta, samtidig som dei grenseoverskridande tryggingssutfordringane og kostnadene med høgteknologisk materiell aukar.

Den nordiske verdifelleskapen og den felles nordiske historia, det at vi er om lag jamstore at vi

ligg geografisk nær kvarandre, gjer det naturleg å samarbeide i trygging- og forsvarspolitiske spørsmål. Ulik tryggingpolitisk orientering er ikkje til hinder for samarbeid på ei rekkje forsvarspolitiske område. Dei fleksible samarbeidsrammene NATO og EU tilbyr ikkje-medlemmer, gjer eit nordisk forsvarssamarbeid i stadig utvikling mogleg. Det velutvikla partnerskapsamarbeidet i NATO har knytt Sverige og Finland nært til alliansen på ei rekkje område, mens Noreg har vore med i EUs stridsgrupper og vurderer å delta igjen våren 2015. Noreg er ein aktiv og synleg medlem av kapasitetssamarbeidet i EU gjennom European Defence Agency (EDA).

Dialogen mellom dei nordiske landa om sentrale internasjonale problemstillingar vert stadig tettare. Han inneber systematisk informasjonsutveksling om innleiande vurderingar i samband med mogleg deltaking i internasjonale operasjonar der eit nordisk operativt samarbeid kan vere aktuelt.

Noreg legg vekt på at den breie politiske ein-skapen om nordisk forsvarssamarbeid blir følgd opp gjennom praktiske tiltak. Auken i talet på prosjekt og samarbeidsområde vitnar om at dei nordiske regjeringane har sett handling bak ambisjonane sine. Samtidig er det viktig å erkjenne skilnadene mellom landa når det gjeld alliansetilknytning, avgjerdsmechanismar i regjeringar og parlament, industripolitisk orientering og regelverk og dei respektive strukturane og materiellbeholdningane.

Det praktiske og fleksible forsvarssamarbeidet i Norden vekkjer interesse også utanfor Norden. Ein viktig del av samarbeidet framover blir å leggje til rette for auka tredjelandsdeltaking i NORDEFECO-aktivitetar der det er relevant for alle involverte.

Operasjonar, trening og øving

Samarbeid om operasjonar står sentralt. I tillegg til det nemnde samarbeidet om EU-stridsgruppene er det etablert eit godt samarbeid i Afghanistan. Noreg, Finland, Sverige og Latvia har i samarbeid etablert ei Transition Support Group i Mazar-e Sharif som har til formål å lære opp og gje råd til afghansk politi i Balkh-provinsen nord i landet. Det norske bidraget vart utplassert ved årsskiftet 2012/2013 og omfattar i dag om lag 40 personar frå Forsvaret. I tillegg ser ein på korleis det kan samarbeidast innanfor ei nordisk ramme om bidrag til NATO-operasjonen etter 2014. Dette blir ikkje ein kampoperasjon, men ein operasjon med fokus på rådgjeving og opplæring av afghanske tryggingstyrkar og institusjonar.

Dei nordiske landa vurderer fortløpande om det lèt seg gjere å stille eit felles bidrag til ein FN-leidde operasjon. Dette vil verte meir aktuelt etter kvart som operasjonen i Afghanistan vert trappa ned og frigjer ressursar til andre innsatsområde. Regjeringa har valt å stille inntil 20 offiserar til rådvelde for den FN-leidd operasjonen MINUSMA som blei etablert 1. juli 2013. Vi har planlagt bidraget vårt i nært samarbeid med Sverige, Danmark og Finland, som òg stiller styrkar til operasjonen. Vi tek sikte på eit tett nordisk samarbeid også etter at styrkane er på plass i operasjonsområdet. Eit nordisk samarbeid om støtte til afrikansk kapasitetsbygging i Aust-Afrika går ut på å medverke til at Den afrikanske unionen sjølv kan handtere kriser på det afrikanske kontinentet.

Samarbeidet om trening og øving er sterkt og held høg kvalitet. Samarbeidet vert stadig vidareutvikla, og det gjeld særleg for kampfly. Kvar veke er det samtrening organisert av luftvingane i Bodø, Kallax og Rovaniemi. Dette gjev svært nyttig trening til redusert kostnad, ettersom dei korte avstandane gjer at ein slepp å deployere luftstyrkane. Dei tilgjengelege nordiske trenings- og øvingsområda for land- og luftstyrkar utgjer eit område på storleik med Tyskland, noko som gjev eit unikt grunnlag for eit kostnadseffektivt operativt samarbeid. Noreg skal over tre veker i første tertial 2014 vere sponsor for finsk og svensk bidrag til treningsdelen av NATOs luftmilitære beredskap på Island. Det vidare nordiske samarbeidet på dette området følgjer naturleg av kampflysamarbeidet, som allereie er godt utvikla.

Kapasitetssamarbeid

Kor godt dei nordiske landa evnar å operere saman, kjem mykje an på korleis vi utviklar styrkane og kapasitetane våre. Ved å samarbeide om forskning og utvikling, anskaffingar, drift og vedlikehald av materiell, utdanning av personell og trening og øving utnyttar vi dei samla ressursane til landa meir effektivt og oppnår større operativ effekt og evne enn vi ville gjort kvar for oss.

Samarbeidet har så langt gjeve ei rekkje gode resultat, og fleire nye moglegheiter er under utgreiing. Blant desse er samarbeidet med Sverige om anskaffing av artilleri, lastevogner og panserforsterka køyretøy. Noreg oppgraderer og supplerer Hærens beholdning av den svenske kampvogna CV 90 gjennom nyanskaffingar, og Finland kjøper det norske bakkebaserte luftvern-systemet NASAMS til erstatning for det luftvernet dei har i dag. Med på kjøpet følgjer ein betydeleg grad av samarbeid om styrkeproduksjon,

etterforsyning og vedlikehald. Prosjekta medfører òg betydeleg industriell deltaking og verdiskaping.

Framover skal det mellom anna vurderast om det er rom for nordisk samarbeid om anskaffing av luftovervakingsensorar, mineryddingsfartøy, langtrekkande missil mot land- og sjømål, felles basesett for internasjonale operasjonar og felles system for oppdaging og uskadeliggjering av improviserte sprengladningar. I den pågåande utgreiinga av alternativ for framtidig ubåtkapasitet ser Noreg på potensialet for samarbeid med fleire andre land, mellom anna om eit nordisk samarbeid kan tilfredsstille våre behov.

Vi ser òg på korleis vi på ein alt i alt betre og meir effektiv måte kan utnytte dei styrkane og kapasitetane vi allereie har kvar for oss. Den pågåande utviklinga av samarbeidet mellom dei taktiske lufttransportkapasitetane i landa våre har til formål å skape effektar og gevinstar gjennom å samordne operativ utnytting, drift og vedlikehald.

Veteranar

Det nordiske og nordisk-baltiske samarbeidet om veteranar held fram. Regjeringa arrangerte den første nordiske veterankonferansen i oktober 2012 med deltaking frå nordiske og baltiske land. Dei nordiske landa har mykje å hente på å dele informasjon og forskning og få på plass gode tiltak som betre fremjar veteranar som ein ressurs.

Formannskap i NORDEFKO

Hausten 2013 vil Noreg starte førebuinga av den norske formannskapet i NORDEFKO i 2014. Formannskapet er ei god anledning til å sikre ei vidare positiv utvikling i samarbeidet, samtidig som Noreg får høve til å fremje enkelte prioriterte saker blant dei mange pågåande aktivitetane. Noreg vil vidareføre det gode arbeidet med å kommunisere det nordiske forsvarssamarbeidet som eit godt eksempel på Smart Defence og regionalt samarbeid i internasjonal samanheng.

4.5 Utviklingssamarbeid

Noreg prioriterer det nordiske samarbeidet i utviklingspolitikken høgt og deltek aktivt i Nordic Plus-samarbeidet, der Irland, Nederland og Storbritannia òg er med. Noreg har formannskapet i samarbeidsforumet i 2013–2014. Ei viktig oppgåve for forumet er å medverke til betre samordning og koordinering av dei globale utviklingsprosessane i samband med Post-2015 og Global Partnership, med fokus på samarbeidet på landnivå. Som ei oppfølging av Busan-tilsegnene om styrking av bistandseffektiviteten kartla gruppa i 2012 samarbeidet mellom Nordic Plus-landa og ei rekke utvalde land med sikte på å finne ut kvar samarbeidet kan gje meirverdi, og Noreg vil følgje opp dette arbeidet i sin formannskap.

5 Fagleg samarbeid i Ministerrådet

5.1 Kultur

Nordisk ministerråd er ei sentral plattform for kultursamarbeidet i Norden. Gjennom ein aktiv norsk formannskap i 2012 blei to større saker som vil ha betydning for det framtidige kultursamarbeidet, dregne i land. Ein ny strategi for Nordisk ministerråds kultursamarbeid 2013–2020 blei vedteken, og Nordisk råds barne- og ungdomslitteraturpris vart oppretta.

Gjennom erfaringsutveksling, kompetanseutvikling og nettverksbygging skal Norden som region utviklast og styrkjast. Arbeidet med strategien blei ei god plattform for eit sterkare nordisk kultursamarbeid. Det blei lagt opp til at kulturfeltet i Norden skulle trekkjast inn gjennom ei rekkje møte og seminar. Strategien nemner fem overskrifter for det nordiske kultursamarbeidet: Det berekraftige Norden, Det kreative Norden, Det interkulturelle Norden, Det unge Norden og Det digitale Norden. Strategien inneber at kulturfeltet får ei breiare forankring og auka betydning. Kultursamarbeidet skal fremje ei berekraftig utvikling og bidra til samanhengskraft i dei nordiske velferdssamfunna. Strategien skal gjennomførast av institusjonane i Nordisk ministerråd og blir eit omdreingspunkt for formannskapsprogramma. Sveriges formannskapsprogram for kulturområdet konkretiserer dei fem temaa i strategien.

Eit løft for nordisk barne- og ungdomslitteratur var sentralt i den norske formannskapssatsinga. Ein god og konstruktiv dialog mellom Nordisk ministerråd og Nordisk råd bidrog til at Nordisk råds barne- og ungdomslitteraturpris blei oppretta. Prisen er ein del av eit samla løft som inneber auka støtte til omsetjing, forfattarskule for unge og forfattarbesøk på skular i Norden. Nordens hus i Reykjavik er sekretariat for prisen. Prisen er møtt med interesse i utlandet og har vore presentert på fleire internasjonale bokmesser. Utdelinga av Nordisk råds prisar i Operaen i Oslo i år skal fjernsynsoverførast direkte til alle dei nordiske landa.

Nordisk ministerråd var òg til stades på Bok & Bibliotek-messa i Göteborg i september 2012 med Norden som tema. I eit samarbeid mellom Nor-

disk ministerråd og Nordisk råd blei det gjennomført ei stor satsing over temaet kultur og identitet. Denne satsinga munna ut i eit debattskrift om kulturpolitikk og identitetar i Norden. Den norske formannskapet var òg med og løfta fram behovet for å gjere funksjonshemma meir synlege i kultur og media gjennom arrangement på messa.

Ei viktig oppgåve er å fremje og profilere Norden som ein kreativ og dynamisk kulturregion. Nordic Cool 2013 i Washington blei eit høgdepunkt. Om lag 750 kunstnarar frå heile Norden fekk utfalde seg på denne nordiske kulturfestivalen på Kennedy-sentret over tre veker i februar/mars 2013. Festivalen var eit samarbeid mellom Kennedy-sentret, dei nordiske landa og Nordisk ministerråd. Dei nordiske kulturministrane og samarbeidsministrane var til stades ved opninga av Nordic Cool.

Gjennom KreaNords nye program for kulturnæringar vil Ministerrådet bidra til å styrkje kulturnæringane i Norden. KreaNord, som er eit tverrsektorielt nordisk samlingspunkt som skal vere med og styrkje kulturnæringane i Norden, er oppført med 5 millionar DKK som ein av aktivitetane i prioriteringsbudsjettet for 2013. Det er løyvd tilskot på i alt 348 000 euro til tre store nordiske prosjekt. Prosjekta som har fått støtte i denne første utdelinga, dreier seg om utvikling av kompetanse i små og mellomstore designverksemder og nordisk tverrsektorielt samarbeid om kultureksport, med utgangspunkt i det nordiske samarbeidet innanfor Nordisk musikk eksport, NOMEX.

Arbeidet med budsjettet for 2014 har vore ei sentral sak på dagsordenen. Kulturområdet har fått eit kutt på 4,7 prosent som inneber at 8,2 millionar DKK må sparast inn. I arbeidet med budsjettforslaget for 2014 har utgangspunktet for kulturministrane vore i størst mogleg grad å skjerme midlane som går til det utøvande kunst- og kulturlivet, og å verne om dei nordiske kulturprisane. Kultur og helse blir eit nytt område innanfor dei strategiske satsingane som omfattar litteraturløftet, nordisk musikk eksport og nordisk danseplattform.

Nordisk kulturfond

Nordisk kulturfond støttar i 2014 nordisk kultursamarbeid i det profesjonelle kulturlivet og i frivillig sektor. Prioriterast skal særleg aktivitetar som fremjar barn og unges deltaking i nordisk samarbeid, medrekna kunst og kultur; aktivitetar som gjennom kunst og kultur bidreg til å auke nabo-språkforståinga i Norden; aktivitetar som bidreg til inkludering og deltaking i det nordiske kultursamarbeidet og aktivitetar i tynt folkesette område, til dømes Vest-Norden og dei nordlege og austlege områda. Nordisk kulturfond set i 2014 fokus på digital kunst og kultur og har sett av 3 millionar DKK til årets nordiske kulturhending, *DIGITAL 2015–2016*. Med Digital 2015–2016 vil Nordisk kulturfond gje et løft til aktørar som vil skape ny kunst og nye uttrykk med utgangspunkt i digitale medium, metodar og teknologi. Fondet vil gje støtte til eit nordisk samarbeid som skaper, produserer og formidlar kunst og kultur digitalt. Med denne satsinga vil Nordisk kulturfond stimulere arenaer der samvirke mellom kunst og teknologi fører til utvikling og nye moglegheiter. Årets nordiske barne- og ungdomsfestival går av stabelen i august 2014 med arrangement over heile Norden.

5.2 Utdanning og forskning

Den norske formannskapet i 2012 ville få fram korleis forståinga av demokratiske verdiar og ferdigheiter kjem til uttrykk i opplæringa. Kunnskapen til nordiske elevar slik han er dokumentert i den internasjonale demokratiundersøkinga International Civic and Citizenship Education (ICCS) 2009, var òg interessant å sjå nærmare på. Det blei arrangert ein nordisk konferanse i Oslo om demokratiske verdiar og lærarmedvit, med lærarutdannarar som målgruppe.

På dansk initiativ er det etablert eit samarbeid mellom dei nordiske landa for å løfte fram praksis som har gjeve gode resultat på skuleområdet i Norden. Det er planlagt ein større konferanse i København i januar 2014.

Den nordiske overeinskomsten om tilgang til høgare utdanning i Norden blei omforhandla og signert av ministrane i 2012. Avtalen skal evaluert i løpet av avtaleperioden 2013–2015.

Rammeprogrammet Nordplus er vidareført som eit samlande instrument for den nordiske og nordisk-baltiske satsinga på utdanningssamarbeid og eit felles utdanningsområde. Nordplus 2012–2016 blei lansert 1. januar 2012. Totalt kom det inn 703 søknader, mot 599 i 2011.

Med utgangspunkt i den nordiske gymnasavtalen på vidaregåande nivå og mobilitetsprogrammet Nordplus junior, blei utsiktene for eit nordisk samarbeid om felles utdanningstilbod for små og verneverdige fag / små handverksfag vurderte. Hausten 2012 blei det sett i verk eit prosjekt der Noreg, Danmark og Island går vidare med å prøve ut samarbeid i båtbyggjar-/trebåtbyggjarfaget. Det blir òg vurdert tiltak for å betre norsk informasjon om den nordiske gymnasavtalen.

Eit nordisk seminar om lesing, skrivning og rekning i dei yrkesfaglege studieprogramma blei arrangert seinhaustes 2012. I formannskapsåret har det òg vore arbeidd med nordisk utvikling av lærarkompetanse på alfabetiseringsområdet. Alfa-rådet vil i 2013 kartleggje høgskular i Norden som er interesserte i nordisk samarbeid på dette feltet.

Dei nordiske utdannings- og forskingsministrane diskuterte med representantar frå universitetssektoren i alle dei nordiske landa kva meirverdi som kan ligge i nordisk samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon (SAK).

På nordisk nivå er det gjennomført ei klassifisering av universitets- og høgskuleinstitusjonar ved bruk av det europeiske klassifiseringsverktøyet U-map. Ein stor konferanse fann stad i oktober 2012, og vel 90 høgare utdanningsinstitusjonar deltok i kartlegginga.

Det blei utlyst ny søknadsrunde for *Nordic Master Programme*. Evalueringa viste gode og nyttige erfaringar når det gjeld kvalitet, organisering av fellesgradar, vurdering av grensehinder og marknadsføring av Norden i og utanfor Europa.

I juni 2012 blei Nordisk Innovasjonskonferanse arrangert i Oslo for alle aktørar innanfor livslang læring. Her blei innovasjon og kreativitet diskutert i lys av den nordiske velferdsmodellen. Hausten 2013 starta ei nordisk kartlegging av ulike ordningar for formell vidaregåande opplæring for vaksne. Rapporten blir publisert hausten 2013.

Den framtidige innretninga av forskningssamarbeidet innanfor Nordisk ministerråd blei diskutert i begge ministermøta i 2012, mellom anna organiseringa av forskningssamarbeidet og om det kunne opnast for nasjonal finansiering av forskning i Norden. Det ble sett ned ei arbeidsgruppe med representantar for nordiske forskingsråd og Nordisk universitetssamarbeid (NUS), som har kartlagt noverande bruk av forskingsfinansierande instrument og komme med forslag til korleis samarbeidet om forskingsfinansieringa kan utviklast vidare. Den svenske formannskapet arrangerer i juni og november 2013 konferansar om forskingsinfrastruktur for høvesvis ei konkurranskraftig og ei berekraftig utvikling.

Hausten 2012 blei det arrangert eit nordisk ekspertseminar om kjønnsbalanse i forskinga, knytt til arbeidet med å kartleggje fellesnordiske strategiar og tiltak som er brukte for å betre kjønnsbalansen i akademia. Resultatet av kartlegginga er presentert i rapporten Norden – et steg nærmere kjønnsbalanse i forskning? (TemaNord 2013:513).

Education for Tomorrow er eit nytt nordisk utdanningsforsknings- og formidlingsinitiativ som blei etablert i 2012 som eit samarbeid mellom MR-U og dei nasjonale forskingsråda, med eit totalt budsjett på 75 millionar kroner. Nordforsk administrerer programmet, som ble lansert i juni 2013.

Språk

Nordiske forfatterbesøk i skulen er eit tiltak som gav god effekt i den nordiske språkkampanjen i 2011. Det inngår i det ordinære arbeidet med nabospråkforståing. Foreininga Norden i Noreg har hatt ansvaret for tiltaket i samarbeid med søsterforeiningane sine. Nordisk språkkordinasjon er i 2013 bedt om å vurdere eventuell vidare oppfølging.

EK-U bestilte ei evaluering av det nordiske språksamarbeidet som låg føre i 2012. På bakgrunn av forslaga i rapporten blir det nordiske språksamarbeidet no omorganisert under MR-U. I juni 2013 blei Foreiningane Nordens Forbund valt som nytt forvaltningsorgan. Ein del av målsetjinga med ny organisering er å vidareutvikle samarbeidet mellom utdannings- og kultursektoren på språkfeltet. Den svenske formannskapet arrangerer ein konferanse om nordisk språkforståing hausten 2013.

IKT-samarbeid

Det nordiske IKT-samarbeidet er organisert i IKT-Direktørforum, ei ekspertgruppe under embetsmannskomiteen for utdanning og forskning. I gruppa deltek dei ansvarlege for IKT-politikken i dei nordiske landa. Gruppa held møte 2-3 gonger i året. Under norsk formannskap i 2012 initierte gruppa eit samarbeidsprosjekt finansiert av ministerrådet med sikte på å utvikle ein nordisk policy for bruk av skytenester i offentleg sektor. Prosjektet er ei direkte oppfølging av rapporten Nordic Public Sector Cloud Computing, som vart publisert i desember 2011.

Datatilsynet, NAV og Difi har saman med FAD delteke i arbeidsgrupper i prosjektet i 2012/2013. Arbeidet handla mellom anna om å lette innkjøp av skytenester til offentleg sektor gjennom rettlei-

ingar, besteeksempel og standardelement til kontraktar. I tillegg heldt gruppa eit møte med Baltic Development Forum og Microsoft der utsikter for utvikling av ein nordisk IKT-bransje blei drøfta.

Organisering

Ei omorganisering av verksemda i MR-U blei utgreidd og vedteken i 2012. Omlegginga av arbeidet førte til delegering av vedtaksmynde frå MR-U til EK-U i ein del typar saker og nedlegging av dei permanente faglege rådgjevsgruppene til fordel for eit system med adhocgrupper, som no blir etablert på årsbasis ut frå aktuelle utfordringar.

5.3 Nærings-, energi- og regionalpolitikk

Næringspolitikk

Det noverande nordiske næringssamarbeidet er forankra i Nordisk samarbeidsprogram for innovasjon og næringspolitikk 2011–2013. Visjonen er å styrkje Nordens globale rolle som leiande region innanfor grøn vekst og velferd. Noreg har ansvar for fyrtårnsprosjektet som skal fremje innovasjon gjennom offentlege innkjøp i helsesektoren. Tre prosjekt knytte til gjennomføring av innovative innkjøp i helsesektoren i Norden blir finansierte gjennom fyrtårnsprosjektet. Prosjekta skal gjennomførast frå 2013 til 2015 av helsemyndigheter og leverandørar til helsesektoren.

Dei nordiske næringsministrane vedtok på ministermøtet i Trondheim i oktober 2012 å opprette ekspertnettverket NordMin for ein berekraftig gruve- og mineralindustri. I tillegg blei KreaNords mandat for perioden 2013–2015 godkjent. Begge prosjekta blir finansierte over prioriteringsbudsjettet. Parallelt med ministermøtet blei det arrangert ein formannskapskonferanse om samsfunnsansvar som konkurransekraft for nordiske bedrifter.

Ei sentral oppgåve for den svenske formannskapet i 2013 er å utarbeide eit nytt samarbeidsprogram for innovasjon og næringspolitikk for perioden 2014–2017. Programmet skal vedtakast på ministermøtet i oktober 2013 og vil byggje på den svenske formannskapens innspelskonferanse i mars 2013. Utgangspunktet for programmet er å møte nokre av dei utfordringane Norden står overfor i samband med miljø, ei aldrande befolkning og ønsket om ein berekraftig økonomisk vekst i eit globalt perspektiv. Fokusområda er grøn vekst gjennom berekraftig byutvikling, gode

finansieringsmiljø for gründerar, innovasjon og utvikling i den nordiske leverandør- og serviceindustrien på helse- og velferdsområdet og dei kulturelle og kreative næringane. Fokusområda vil òg vere tema for fire tilknytte fyrtårnsprosjekt som skal utviklast i programperioden.

Energi

Det nordiske energisamarbeidet byggjer på handlingsplanen for det nordiske energisamarbeidet 2010–2013 med fokus på ein nordisk elektrisitetsmarknad, fornybar energi, energieffektivitet, energi i område med spreidd busetnad og Norden i eit globalt perspektiv. I tillegg har forskning og teknologiutvikling hatt høg prioritet på energiområdet gjennom eit nordisk energiforskningsprogram (NEF). Globaliseringsinitiativet (som vart avslutta i 2012) og grøn-vekst-initiativet har gjeve nye impulsar til det nordiske energisamarbeidet. Energisamarbeidet under NMR har fått ansvar for å gjennomføre fleire av initiativa i rapporten til dei nordiske statsministrane om grøn vekst. Det er sentralt for det nordiske energisamarbeidet å spele ei aktiv rolle i samband med utforminga av energipolitikken i Europa innanfor ramma av EU/EØS.

Ei prioritering av det nordiske elektrisitets-samarbeidet vert rekna som spesielt viktig. Det nordiske samarbeidet på elektrisitetsområdet har styrkt forsyningstryggleiken, betra utnyttinga av dei samla nordiske kraftressursane, auka investeringane i overføringssamband mellom landa og fremja transparens i marknaden. Det blir òg arbeidd med sikte på ein felles nordisk sluttbrukarmarknad. Dette er viktige steg på vegen mot ein integrert nordisk kraftmarknad. På energiministtermøtet på Hell den 11. oktober 2012 under norsk formannskap gav energiministrane i Norden eit utvida mandat til å vidareutvikle den nordiske elmarknaden. Energiministrane vart samde om at arbeidet med ein felles sluttbrukarmarknad må halde fram med full styrke. Auka uregulerbar produksjon av fornybar kraft, til dømes vindkraft, inneber nye utfordringar for kraftsystemet. Dei nordiske energiministrane var einige om at ein må investere i nett for å ta hand om denne krafta og sjå nærmare på korleis forbruket kan bli meir fleksibelt og dermed bidra til meir integrering av fornybar energi.

Auka satsing på fornybar energi og energieffektivisering er ein del av den energipolitiske responsen på klimautfordringa. Dei nordiske landa har ei felles interesse av å sjå på korleis dei kan innrette verkemiddelbruken og markere lei-

arskap på desse områda. Utvikling av rammevilkår for energieffektivisering og fornybar energi blir dermed spesielt interessant for dei nordiske landa i lys av utviklinga av direktiv og nye initiativ i EU og EØS. Det er etablert arbeidsgrupper innanfor fornybar energi og energieffektivisering. Dette arbeidet er vidareført i 2012 og 2013. Dei nordiske landa har satsa mykje på fornybar energi og vil framleis ha eit nivå på fornybar energi som ligg over gjennomsnittet i EU. Dei nordiske energiministrane vart samde om at dei ulike nasjonale satsingane og samarbeidet mellom landa (til dømes den felles sertifikatmarknaden) kan føre til at dei nordiske landa framleis vil liggje framfor andre land i Europa. Gjennomføring av EU-direktivet for å fremje fornybar energi står sentralt som samarbeidsområde i handlingsprogrammet for 2010–2013. Dette omfattar arbeid knytt til korleis samarbeidsmekanismane mellom land som er nedfelte i direktivet, kan utviklast.

På området energieffektivisering har energiministrane vedteke at samarbeidet om marknads-tilsyn med energirelaterte produkt skal styrkjast. Også innan energieffektivisering vil det vere aktuelt å samarbeide om ulike EU-initiativ.

Samarbeid i formatet nordisk/baltisk 8 finn òg stad innanfor ramma av det nordiske samarbeidet. I 2012 vart det arrangert eit seminar om dei politiske utfordringane som er knytte til energieffektivisering og fornybar energi i Estland. I forkant av energiministtermøta i EU vert det halde ein uformell konsultasjon på ministernivå i NB&K-kretsen om sakene på EU-dagsordenen 2-3 gonger i året. Formannskapet i Nordisk ministerråd inviterer til desse møta.

Dei nordiske energiministrane deltek i Baltic Sea Region Energy Co-operation (BASREC). Dei nordiske landa er pådrivarar i BASREC-samarbeidet. Det vart halde eit ministermøte i BASREC i mai 2012, og BASREC og Nordisk ministerråd har gjennomført felles aktivitetar, m.a. ved Rio+20-konferansen. Når det gjeld Norden og internasjonalt energisamarbeid elles, er det lagt vekt på samarbeidet med Nordvest-Russland, Austersjøområdet og dei baltiske landa. I samband med Barents Euro Arctic Cooperation har Nordisk ministerråd støtta energieffektiviseringsinitiativ og arbeidsseminar i 2011 og 2012.

Det er etablert eit nordisk samarbeid om energiforskning. Nordisk energiforskning (NEF) er ein institusjon under Nordisk ministerråd lokalisert i Oslo. Institusjonen har som formål å vidareføre og fremje det nordiske samarbeidet på energiforskningsområdet gjennom å leggje til rette for auka kompetanse, konkurransevne og verdiskaping i

energisektoren i Norden. NEF skal medverke til ein felles innsats innan forskning og utvikling på dei delane av energiområdet som er av felles nordisk interesse. I strategiplanen for 2011–2014, Sustainable Energy Systems 2050, er målsetjinga å utvikle ny kunnskap og nye løysingar i samband med overgangen til eit berekraftig energisystem i framtida. Rapporten Nordic Energy Technology Perspectives blei i 2013 publisert etter initiativ frå NEF og har hausta internasjonal merksemd. NEF er samfinansiert av dei nordiske landa med om lag 32 millionar kroner årleg. Våren 2013 er det gjennomført ei evaluering av NEF. Denne vil gje eit kunnskapsgrunnlag for den vidare utviklinga av det nordiske energiforskingssamarbeidet.

Under den svenske formannskapet i NMR vert det arbeidd med eit nytt handlingsprogram for det nordiske energipolitiske samarbeidet i 2014–2017. Målet er å vedta dette programmet på energiministermøtet i oktober 2013.

Regionalpolitikk

Grunnlaget for det regionalpolitiske arbeidet er det nordiske regionalpolitiske samarbeidsprogrammet (2013–2016). Visjonen er at Norden skal vere leiande i utviklinga av ein ny og meir kraftfull regionalpolitikk. Det nordiske samarbeidet skal gje auka fagkunnskap og inspirere til vidareutvikling av regionalpolitiske perspektiv og tiltak. Dei nordiske regionalministrane inviterer samarbeidsministrane, andre relevante nordiske sektorar og nasjonale og internasjonale institusjonar til eit felles løft for å bidra til ei regionalt berekraftig velferdsutvikling, fremje ei berekraftig regional utvikling i Arktis og stimulere til grøn vekst i alle regionar. Arbeidet blir følgt opp av fire arbeidsgrupper: 1) regional utvikling i Arktis (med norsk formannskap), 2) demografi og velferd, 3) grøn verdiskaping: innovasjon, 4) grøn verdiskaping: plansamarbeid og berekraftige byregionar.

I tillegg er det etablert eit nettverk med fokus på EUs framtidige regionalpolitikk der dei nordiske landa har høve til å koordinere arbeidet med det nye europeiske regelverket for regional statsstøtte og den neste generasjonen grenseregionale program (Interreg).

Formålet med gruppene er å dele kunnskap og bygge kompetanse på dei ulike temaa og å utarbeide innspel til nordisk policyutvikling på feltet.

Arbeidsgruppa for regional utvikling i Arktis vil ta initiativ til ein tematisk brei og djuptpløyande studie av den framtidige utviklinga i Arktis i form av scenario eller framtidsstudier. Målet er å bringe

Nordisk ministerråds samarbeidsprogram for Arktis vidare ved å samle, behandle og analysere eksisterande informasjon, vurdere ulike føresetnader for framtidig utvikling i området og teikne perspektivrike framtidssbilete. Dette vil bidra vesentleg til vidareutvikling av den politiske debatten og gje den faglege kunnskapen større tyngde og eit meir heilskapleg preg.

Arbeidsgruppa for demografi og velferd vil skape ei felles nordisk plattform for kunnskapsoppbygging. Regionalsektoren vil utvikle eit større nordisk program. Målsetjinga er at lokale og regionale myndigheiter skal utvikle innovative løysingar for å handtere utfordringar og utnytte moglegheiter som følgjer av demografiske endringar. Her skal kunnskapsgrunnlag og gode eksempel formidlast og diskuterast som eit grunnlag for å vidareutvikle politikk og forvaltning på statleg, regionalt og lokalt nivå i dei nordiske landa.

Arbeidsgruppa for grøn verdiskaping fokuserer på innovasjon og har til mål å bidra til vekst i grønt næringsliv og sysselsetjing der både kvinner og menn deltek. Det er behov for meir kunnskap om føresetnadane for miljøretta entreprenørskap og innovasjon. Det skal prøvast ut nye verkemiddel og tiltak for å fremje grøn innovasjon regionalt og lokalt. Gode eksempel skal diskuterast og spreiaast til andre område. For å oppnå dette vil det bli teke initiativ til meir systematisk læring og kunnskapsoverføring.

Arbeidsgruppa for grøn verdiskaping med fokus på plansamarbeid og berekraftige byregionar har som mål å bidra til utvikling av planleggingsverktøy for byar i utvikling, der læringsutvikling, fysisk planlegging og klima- og miljøomsyn blir sett i samanheng. Vidare skal det utviklast eksempel på berekraftige bymønster som kan vere gode modelar for ulike typar regionar i Norden, og som samtidig kan inspirere andre land i Europa.

Nordisk ministerråd delfinansierer det nordiske forskingsinstituttet Nordregio, som utviklar vitenskapleg basert kunnskap om regionalpolitiske problemstillingar. Nordregio arbeider på oppdrag frå nasjonale, nordiske og europeiske oppdragsgjevarar og er viktig for utviklinga av komparativ kompetanse, både innan Norden og mellom nordiske og europeiske organisasjonar. Det er Nordregio som har sekretariatsfunksjonen for arbeidsgruppene.

Ministerrådet for nærings-, energi- og regionalpolitikk møttest i Stjørdal i oktober 2012. Neste ministermøte skal haldast i Stockholm i oktober 2013, med demografiske utfordringar og den nordiske deltakinga i EUs Interreg-program 2014–2020 på dagsorden.

Embetsmannskomiteen for regionalpolitikk har halde fire møte det siste året. Nordisk ministerråd gjev i 2013 økonomisk støtte til elleve grenseregionale samarbeidskomitear (Tornedalsrådet, Hedmark-Dalarna, Øresundskomiteen, ARKO, Nordkalottrådet, Mittnordenkomiteen, BothnianArc, Kvarkenrådet, Mitt-Skandia, Østfold-Bohuslän/Dalsland og Värmland-Østfold) og ein nordisk institusjon for grenseregionalt samarbeid (NORA). Desse arbeider med tiltak der grensa blir utnytta som ein positiv faktor for regional utvikling og med tiltak for å redusere grensehinder. Grensekomiteane er medlemsorganisasjonar, vanlegvis med kommunar og/eller regionar som medlemmer. Dei tilbyr ein struktur for samarbeid over grensene og får derfor økonomisk støtte frå regionalsektoren i Nordisk ministerråd.

5.4 Miljø

Under den norske formannskapen på miljø i 2012 blei det gjennomført to ministermøte som sette fokus på klima og kva kortliva klimadrivarar har å seie for Arktis, og på sterkare oppfølging etter toppmøtet i Rio i 2012 for å fremje berekraftig utvikling. I tillegg blei eit nytt nordisk miljøhandlingsprogram 2013–2018 vedteke.

På ministermøtet på Svalbard i februar 2012 blei Svalbard-erklæringa om kortliva klimadrivarar (sot, partiklar, metanutslepp m.m.) vedteken. Intensjonane i erklæringa blei følgde opp i ein nordisk workshop der ein gjekk gjennom dei nyaste forskingsresultata, nasjonale erfaringar med utslippsrekneskap, utgreiing av effektive tiltak for å redusere utsleppa, utvikling av nasjonale handlingsplanar og framgang i det internasjonale samarbeidet om kortliva drivarar. Ein norsk utsleppsrekneskap for klimadrivarar er etablert, og andre nordiske land følgjer tilsvarende opp. På miljøministermøtet blei deltakarane vidare samde om å støtte koordinerte tiltak mellom frivillige land gjennom Coalition for Climate Change and Clean Air, som FN's miljøprogram organiserer.

På miljøområdet blei det under den norske formannskapen halde eitt miljøministermøte i oktober i Helsingborg. Fokus på dette møtet var oppfølginga av FN-konferansen om berekraftig utvikling i Rio 2012 og dei føreståande klimaforhandlingane i Doha (COP 18), og det var semje om at finansieringsspora og det grønne fondet var blant dei viktigaste sakene i Doha. Den nordiske forhandlingsgruppa (NOAK) blei framheva som eit viktig instrument i dei vidare forhandlingane i samband med COP 18.

Ministrane blei einige om at områda grøn økonomi, supplerande velferds mål (beyond GDP), berekraftrapportering, berekraftsmål og styrking av FN's miljøprogram (UNEP) var dei viktigaste oppfølgingspunktane etter toppmøtet i Rio.

På ministermøtet og på det etterfølgjande møtet i Nordisk råd blei det nye nordiske miljøhandlingsprogrammet for perioden 2013–2018 vedteke. I miljøhandlingsprogrammet er temaet grøn samfunnsutvikling løfta fram i tillegg til klima, luftforureiningar, biologisk mangfald på land og i havet og helse- og miljøfarlege kjemikalier.

Under miljøhandlingsprogrammet vil viktige samarbeidsområde med andre sektorar, mellom anna næringsliv og internasjonale organisasjonar, vere utvikling av berekraftig produksjon og forbruk, miljøvennleg teknologi og grøn økonomisk vekst.

Det har vore eit mål å utvide funksjonstida for programmet frå fire til seks år for å effektivisere bruken av administrative ressursar. Det blei òg vedteke.

I lys av nedskjeringane i dei nordiske budsjetta er det sett i gang eit prosjekt om effektivisering av miljøsektoren der målet m.a. er ei organisatorisk oppstramming og tydeleggjering og forenkling av mandat, rutinar og prosedyrar i forholdet mellom dei nordiske miljøarbeidsgruppene, sekretariatet og embetsmannskomiteen, mellom anna for å sikre betre bruk av midlane. Det er òg peika på behovet for betre spreiding og bruk av resultat slik at arbeidet samla kan gje større meirverdi. Prosjektet skal ferdigstillast hausten 2013.

Den svenske formannskapen fokuserer i sitt program på felles innsats for reduksjon av klimagassar, vern av hava, økosystemtenester, ein giftfri kvardag og grøn økonomi.

På miljøministermøtet i februar 2013 under den svenske formannskapen blei utviklinga av EUs sjuande miljøhandlingsprogram eit hovudtema. Dei nordiske EU-landa vil sørge for størst mogleg grad av samspel mellom det nordiske miljøhandlingsprogrammet og EU-prosessen kring det sjuande miljøhandlingsprogrammet, som blei ferdigstilt sommaren 2013. Ein blei òg samde om å sende ei fråsegn frå dei nordiske miljøministrane til EU-kommisjonen for å få styrkt innhaldet når det gjeld omtalen av klimaspørsmål og kjemikalier, medrekna strategi for eit giftfritt miljø, nanomateriale, kombinasjonseffektar og hormonforstyrrende stoff.

Vidare var den globale utviklingsagendaen for post-2015-måla på dagsordenen, m.a. korleis Norden kan samarbeide vidare med Naturpanelet.

Intergovernmental Platform on Biodiversity and Ecosystem Services (IPBES) blei òg diskutert. Det var semje om å ta initiativ til eit ekspertmøte for å diskutere korleis Norden kan bidra i kartlegginga av felles nordiske problemstillingar og utgreiingsbehov i samband med ei ny bioregional inndeling under IPBES. Møtet vedtok òg å utvide støtta til det nordiske miljøutviklingsfondet (NMF) til ein ny treårsperiode.

Når det gjeld planar for hausten 2013, skal sakene frå dei ovannemnde ministermøta drivast vidare. I tillegg vil ein vurdere å greie ut grunnane til reduksjonen i sjøfuglbestanden. Sverige har òg antyda at dei vil diskutere vidare korleis Norden skal stille seg til dei pågåande internasjonale initiativa Friends of Fossile Fuel Subsidy Reform og Global Subsidy Initiative. Ein vil òg diskutere med nordiske kollegaer korleis ein kan påverke arbeidet med kjemikalier i tekstilar. Vidare vil Sverige arrangere ein nordisk ministerdialog om klima i samband med møtet i FN's klimapanel i Stockholm 27. september i år.

Miljøarbeidsgruppa på biodiversitetsområdet har arbeidd mykje med økosystemtenester og har i 2012 gjennomført ein workshop om økosystemtenester i skog og ei utgreiing om kva dei gamle skogane har å seie for biodiversitet og karbonlagring. I samarbeid med arbeidsgruppa for miljø og økonomi er det òg gjennomført ei utgreiing om ulike metodar for innarbeiding av naturkapitalen i nasjonale rekneskapssystem. I tillegg bidreg gruppa til gjennomføring av ulike internasjonale konvensjonar, til dømes biodiversitetskonvensjonen (CBD) og våtmarkskonvensjonen (Ramsarkonvensjonen), og til EU-arbeidet med framande artar.

Når det gjeld prosjektporteføljen til klima- og luftgruppa, har denne i stor grad medverka i arktiske prosjekt i samarbeid med Arktisk råd og AMAP, men òg i samanheng med konvensjonen om langtransporterte luftforureiningar. Dette gjeld særleg kortliva klimadrivarar og EUs miljøagentur. Gruppa har òg, i samarbeid med kjemikaliegruppa, støtta UNEP i arbeidet med ein global kvikksølvkonvensjon.

For kjemikaliegruppa er bidrag i samband med gjennomføringa av det europeiske kjemikalierelverket REACH viktig. I tillegg har mange av prosjekta til gruppa direkte innverknad på arbeidet i OECD og UNEP og i EU.

Under grøn-vekst-prosjekta som dei nordiske statsministrane tok initiativ til i 2011, har avfallsgruppa starta eit større arbeid om ressurseffektiv utnytting av plast- og tekstilavfall. Formålet med prosjekta er å gjere ein målretta innsats i samar-

beid med avfalls- og næringsaktørane for å auke materialgjenvinninga av avfall frå plast og tekstilar. Arbeidet er i 2013 vidareført i seks nordiske prosjekt som skal gjennomførast i løpet av 2014.

Arbeidsgruppa for berekraftig produksjon og forbruk arbeider på fokusområda grøn økonomi, ressurseffektive produksjons- og konsumentkjeder og berekraftig forbruk. Prioriteringane til gruppa framover vil vere å utvikle og forsterke arbeidet med Svana og å arbeide for at grøne offentlege innkjøp blir vanleg praksis i Norden og inngår som eit ledd i innsatsen for å påverke arbeidet i EU og FN. Utarbeidinga av nordiske innspel til økodesigndirektivet vil òg vere prioritert. Gruppa har nettopp avslutta eit prosjekt om tekstilar. Fokus her var miljømerking i det største og viktigaste tekstilclusteret i India, som eksporterer ei betydeleg mengde klede til dei nordiske landa. Her er eit potensial for nordisk medverknad og for utvikling av miljømerking.

I samarbeidet om forvaltning av havområda i Norden har hovudinnretninga vore på overgjødsling og EUs marine direktiv og marine strategi. Her har gruppa medverka til eit vitskapleg grunnlag for myndigheiter og arbeidsgrupper i dei regionale havkonvensjonane og til samarbeidet med Arktisk råd. Dette arbeidet er viktig for oppfølginga av Stockholmskonvensjonen (POPs) og luftkonvensjonsarbeidet under UNECE. Vidare har arbeidet i havgruppa medverka vesentleg til å støtte AMAP i arbeidet med havforsuring gjennom fleire prosjekt, i tillegg til at gruppa gjennomførte ein stor internasjonal konferanse om havforsuring i Bergen i mai i år med forskarar frå heile verda. Hovudformålet er å formidle forskingsresultat om korleis havet absorberer CO₂, noko som kan bidra til å bremse den globale oppvarminga. Men samtidig gjer CO₂ havet surare, noko som truleg vil påverke næringskjeda i havet og fiskebestandane.

Miljø- og økonomigruppa er ei tverrsektoriell gruppe der miljø- og finansmyndigheiter er med. Ho har utarbeidd fleire rapportar, mellom anna om mål og rekneskap for ei berekraftig utvikling, metodar for verdsetjing av naturkapitalen og supplerande velferds mål (Beyond GDP), fornybar energi, økonomiske styringsmiddel, grøne jobbar, miljøeffektiv teknologi og strategiar for skogsforvaltning.

Det nordiske samarbeidet har levert viktige innspel til internasjonale prosessar for å styrkje miljøregelverket og berekraftig utvikling, mellom anna til Rio+20. Oppfølginga av det nordiske statsministerinitiativet Norden leiande i grøn vekst har òg vore viktig.

5.5 Nordisk strategi for berekraftig utvikling

Den nordiske strategien for berekraftig utvikling er eit overordna styringsdokument for Nordisk ministerråd. Strategien er òg godkjend av Nordisk Råd. Alt arbeid i Nordisk ministerråd skal ha eit berekraftperspektiv.

Den første nordiske strategien for berekraftig utvikling tredde i kraft i 2001. Strategien har vore revidert kvart fjerde år, sist i 2012. Han legg vekt på område der Norden har felles interesser og utfordringar, og der det nordiske samarbeidet kan skape ein meirverdi for landa.

Hovudtema i den gjeldande strategien er den nordiske velferdsmodellen, klima, berekraftige økosystem og utnytting av ressursane på jorda, samt utdanning, forskning og innovasjon. Innanfor kvart temaområde er det utvikla indikatorar som skal vise om utviklinga går i rett retning. Indikatorane blir oppdaterte årleg av Danmarks Statistikk.

5.6 Sosial og helse

Ministerrådet for sosial- og helsepolitikk har i 2013 sett i gang programmet *Haldbar nordisk velferd* som skal bidra til det nasjonale arbeidet som blir gjort for å fremje innovative og gode løysingar på velferdsproblem i Norden. Slik vidarefører Sverige satsingar under norsk formannskap i 2012.

Testing av behandlingmetodar og medisinar

Det er aukande press på innføring av nye, ofte dyre behandlingmetodar og medikament i helse-tenesta. Enkelte gonger ligg det ikkje føre tilstrekkeleg vitenskapleg dokumentasjon på effekt, tryggleik og kostnadseffektivitet i behandlinga til å ta avgjerder om kva behandling pasientane bør få tilbod om. Den beste metoden for å få testa ut om ein ny behandlingmetode er effektiv og sikker, er å gjennomføre ein vitenskapleg studie på store pasientpopulasjonar. For mange sjukdommar vil det ta mange år å rekruttere nok pasientar til ein klinisk studie i eitt land, og derfor vert kliniske studiar køyrde parallelt på mange sjukehus og i fleire land (såkalla kliniske multisenterstudiar).

Det er særleg behov for å auke omfanget av studiar på område som industrien ikkje prioriterer. Dette gjeld til dømes sjeldne sjukdommar, samanlikning av ulike behandlingalternativ og dyre medikament. I tillegg er det behov for å leggje betre til rette for industrifinansierte studiar i

Norden, både for å sikre pasientane tilgang til ny behandling og for næringsutvikling. Eit nordisk samarbeid basert på eit befolkningsgrunnlag på 25 millionar vil gje raskare og sikrere grunnlag på kortare tid. Samarbeidet vil gje betre kvalitet, pasienttryggleik og helse, og gjere det mogleg å gjennomføre studiar på sjeldne sjukdommar. Det vil i tillegg bidra til å auke talet på kliniske studiar i Norden. Eit godt nordisk samarbeid vil òg kunne gje Norden ei sterkare stemme i EU. Det er derfor etablert eit treårig prosjekt (2013–2016) som omfattar etablering av nettverket *Nordic Trial Alliance* med sekretariat i Nordforsk. Prosjektet omfattar utvikling av ein felles web-portal og fleire nordiske demonstrasjonsstudiar. Prosjektet inngår i Nordisk ministerråds satsing *Haldbar nordisk velferd*.

Høgspesialisert medisin

Formålet med eit nordisk samarbeid om høgspesialisert medisin er å sikre høgare kvalitet i høgspesialiserte tenester enn det enkelte landet kan oppnå kvar for seg. Dette er spesielt viktig ved nye og kostnadskrevjande behandlingsformer der pasientgrunnlaget er lite i kvart land, der det er behov for høgspesialisert kompetanse, og der investeringane ofte er svært store. Ei nordisk ekspertgruppe nedsett av Nordisk ministerråd har greidd ut samarbeid om høgspesialisert medisin. I rapporten frå ekspertgruppa frå februar 2013 er det foreslått tre område for vidare nordisk samarbeid: etablering av felles nordiske kvalitetsregister (databasar); gjensidig kompetanseutvikling og fagleg samarbeid; utvikling av kriterium for felles nordiske prosedyrar og retningslinjer. Prosjektarbeidet på desse områda skal gjennomførast dei neste tre åra. Sekretariatsfunksjonen for arbeidet er lagd til Helsedirektoratet (Noreg). Prosjektet inngår i satsinga *Haldbar nordisk velferd*.

Demensforskning

Eit NorForsk-støtta forskarnettverk, The Nordic Network in Dementia Diagnostics (NIDD), arbeider for å auke kunnskapen om årsakene til demens. Ei multidisiplinær gruppe som er sett saman av ni forskargrupper frå fem nordiske land og Litauen, samarbeider om å harmonisere diagnostiske arbeidsmetodar og bidra til tidlegare og betre diagnostisering av sjukdommen. Noreg har òg ein nasjonal plan for demensomsorg, Demensplan 2015 *Den gode dagen*. Det er mellom anna sett i gang eit nordisk

samarbeidsprosjekt om utvikling av teknologiske hjelpemiddel for yngre personar med demens. Noreg og dei andre nordiske landa deltek i ei felleuropeisk programsatsing, Joint Programming Initiatives (JPI), om Alzheimer og andre nevrodegenerative sjukdommar. Bakgrunnen er at demenssjukdommar og relaterte lidingar er ei så stor samfunnsmessig utfordring at ho ikkje kan løysast gjennom nasjonale forskingsprogram aleine. Nevrodegenerative sjukdommar (ND) er sterkt knytte til alder, og i dag kan dei færraste av desse sjukdommane kurerast. Alzheimers sjukdom og relaterte lidingar rammar omtrent 7 millionar menneske i Europa, og det er venta at dette talet vil doble seg kvart 20. år. Omsorg for demenspasientane i Europa kostar i dag 130 milliardar euro per år. Joint Programme for Neurodegenerative Disorders (JPND) har utarbeidd ein felles forskingsstrategi for dei 25 medlemslanda som dannar eit rammeverk for framtidige investeringar og skisserer korleis den europeiske forskingsinnsatsen kan brukast effektivt for å forbetre førebygging, diagnostikk, behandling og omsorg for pasientar med nevrodegenerative lidingar.

Rekruttere og halde på tilsette i helse- og omsorgstenestene

Helse- og omsorgsdepartementet har fått midlar av Nordisk ministerråd til å gjennomføre ei kartlegging av arbeidet som blir gjort i dei nordiske landa for å rekruttere og halde på personell i omsorgstenestene. Kartlegginga er eit forprosjekt og inngår i Nordisk ministerråds program *Haldbar nordisk velferd*. Kartlegginga skal danne grunnlaget for eit mogleg nordisk samarbeid på dette området. Kunnskapen frå dette prosjektet skal brukast nasjonalt, mellom anna i oppfølginga av stortingsmeldinga *Morgondagens omsorg* (2013). Meldinga skal leggje til rette for ein langsiktig omstillingsprosess for å sikre nyskaping.

E-helse

Norden er ein føregangsregion når det gjeld bruk av e-helsetenester. Norden kan vere ei drivkraft i det europeiske arbeidet og kan gå fortare fram enn andre land i Europa. Nordisk ministerråd tok i 2010 initiativ til å etablere eit felles nordisk e-helseforum. Arbeidsprogrammet er gjennomført som planlagt sidan 2010. Nettverk for nordiske forskarar innan e-helse og for nordiske helsejuristar er etablert. Forumet har samanlikna nordiske e-helsestrategiar og utarbeidd

indikatorar for e-helse. Nordisk e-helseforum samarbeider med OECD og EU.

Alkohol og narkotika

Dei nordiske sosial- og helseministrane samarbeider overfor Verdas helseorganisasjon og EU om alkoholpolitiske spørsmål. Det er sett i gang eit omfattande arbeid rundt oppfølginga av alkoholstrategien til EU. I 2012 vart det mellom anna sendt eit felles brev frå dei fem nordiske helseministrane til EUs helsekommisær for å sikre oppfølging frå EU-hald også etter at strategien vart avslutta i 2012. Verdas helseforsamling vedtok i 2010 ein global strategi for å redusere skadeleg bruk av alkohol. Det nordiske samarbeidet var viktig i framkant av dette vedtaket, og det er òg ein viktig kanal i oppfølginga av strategien. Vidare knyter det seg eit kontinuerleg samarbeid til partnerskapen for helse og livskvalitet under Den nordlege dimensjonen, der det mellom anna er ei eiga ekspertgruppe for alkoholskadar.

Nordisk narkotikaforum er eit uformelt nordisk samarbeid på embetsnivå som har fokus på erfaringsutveksling og dialog i narkotikapolitiske spørsmål. Helse-, sosial- og justissektoren er representert i forumet. I august 2012 var Noreg vertskap for Nordisk narkotikaforum, som tok for seg utfordringar knytte til internett, grensekontroll, doping og overdosar.

Helseberedskapsamarbeid

Dei nordiske landa har lang tradisjon for samarbeid om helseberedskap. Helseberedskapsavtalen frå 2002 dannar den formelle ramma. Det vert samarbeidd om førebygging, varsling, gjennomføring av redningsarbeid og andre tiltak, rapportering, evaluering, kommunikasjon og informasjonsutveksling. Det er utarbeidd retningslinjer med rutinar og samarbeidsprosedyrar. Samarbeidet vart øvd i 2011 i feltøvingane *Skag Ex 11*, *Barents Rescue 11* og i 2013 under *Barents Rescue 13*.

Nordisk høgskole for folkehelsevitenskap

Den nordiske utdanningsinstitusjon for helsepersonell blei grunnlagd i 1953 og er lokalisert i Göteborg. I 2012 vart det vedteke at skulen skulle evaluerast. Evalueringa påviste ei rekkje alvorlege utfordringar for skulen, mellom anna rekrutteringsproblemm, samanfallande nasjonale utdanningar og manglande akkreditering av utdanningstilbodet. Desse forholda var sterkt medverkande til at ministerrådet for sosial- og helse den 11. juni 2013 ved-

tok at skulen skal avviklast innan 2015. Ministrane vedtok òg at tilbodet om etterutdanning og kurs innan smittevern som i dag ikkje eksisterer nasjonalt skal vidareførast i nordisk regi, og at det framleis skal vere eit høgt ambisjonsnivå i det nordiske samarbeidet på folkehelseområdet. Ein detaljert avviklingsplan skal behandlast i embetsmannskomiteen for sosial og helse hausten 2013, og det skal etablerast ein organisasjonskomité som skal ha i oppgåve å vidareføre og utvikle nye nordiske tiltak på folkehelseområdet.

Internnordiske trygdespørsmål

Nye forordningar på trygdeområdet tok til å gjelde i EU frå 1. mai 2010 og i EØS frå 1. juni 2012. Ein ny nordisk konvensjon om trygd med tilpassingar til dei nye forordningane blei derfor nødvendig. Sjølv om hovuddelen av det nordiske trygdesamarbeidet er direkte regulert av EØS-reglane, er konvensjonen svært viktig for å få Færøyane og Grønland, som ikkje er med i EU eller EØS, med i det nordiske trygdesamarbeidet.

Konvensjonen blei undertekna av dei nordiske sosial- og helseministrane på ministermøtet i Bergen 12. juni 2012. Stortinget samtykte 19. mars i år i at konvensjonen vart inngått, men han tek først til å gjelde etter at alle landa har sendt note om at dei nasjonale vilkåra for det er oppfylte. Det er venta at dette kan skje i 2013.

Nordens velferdssenter

Nordens velferdssenter (NVC) er ein institusjon under Nordisk ministerråd med hovudkontor i Stockholm og dotterinstitusjonar i Finland og Danmark.

NVC er Nordisk ministerråds hovudorgan for fremjing og utvikling av det velferdspolitiske feltet i Norden og nærområda. NVC skal utarbeide strategiske innspel til politikarar og andre avgjerdestakarar og skape dialog mellom politikarar, forskarar og praktikarar. NVC samlar og formidlar erfaringar frå dei nordiske landa på det velferdspolitiske området og spreier gode eksempel gjennom sine eigne aktivitetar, nettverk, publikasjonar og heimeside.

NVC arbeider på desse områda: alkohol og narkotika, arbeidsinkludering, funksjonshinder, velferdspolitik og velferdsteknologi.

I 2013 er det særleg fokus på unge med psykiske problem; unge i fare for å droppe ut frå utdanning; overgangen frå skule til arbeidsliv; familjepolitikk og oppvekstvilkår, mellom anna barnefattigdom i Norden. Andre prioriterte områ-

der er kvalitet i eldreomsorga og implementering av FN-konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne. På alkohol- og narkotikaområdet er det særleg fokus på skade på tredjepart.

Sekretariatsoppgåva for Rådet for nordisk samarbeid om funksjonshinder tek til så snart det nye rådet er utpeika.

Nordisk samarbeid om sosial- og helsestatistikk

Nordisk sosialstatistisk komité (NOSOSKO) og Nordisk medisinalstatistisk komité (NOMESKO) samlar inn viktig samanliknbar statistikk om velferds- og helsepolitikk for dei nordiske landa. Dei siste åra har NOSOSKO dessutan arbeidd med eigne temahefte der ein samanliknar situasjonen og politikken i dei nordiske landa. Dette er med og kastar lys over den nordiske velferdsmodellen og gjev innspel til politikktutvikling. Indikatorar for velferd i dei nordiske landa har vore eit viktig tema, og dei siste åra har det vore ekstra fokus på ungdomsarbeidsløyse og særleg utsett ungdom på veg mot uførleik og utanforskap. I 2013 er det innleidd eit nærmare samarbeid mellom NOSOSKO og NOMESKO med sikte på felles møte og konferansar om viktige fellestema.

5.7 Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø

Det er lange tradisjonar for både formelt og uformelt nordisk samarbeid på arbeidslivsområdet. Dei nordiske landa har eit felles verdigrunnlag og mange likskapar som gjev gode føresetnader for å lære av kvarandres erfaringar, og som styrkjer evna til å møte vår tids felles utfordringar.

Ministerrådet for arbeidsliv har under den svenske formannskapet i 2013 arbeidd med utgangspunkt i det nye samarbeidsprogrammet for arbeidslivsområdet for 2013–2016. I samarbeidsprogrammet er den strategiske innretninga på det formelle nordiske samarbeidet dei kommande åra fastlagd. Fokus er sett på dei langsiktige utfordringane som følgje av globaliseringa og den demografiske utviklinga, men ved behov kan samarbeidet òg prioritere meir konjunkturbestemte utfordringar som oppstår.

Den svenske formannskapet har bygd vidare på temaet inkluderande arbeidsliv, som òg stod i fokus under den norske formannskapet i 2012. Det har vore eit særskilt ønske å løfte fram gode eksempel på tiltak og læring som har vist seg eigna til å få fleire menneske i arbeid og redusere risikoen for fråfall og utanforskap.

I tillegg til det meir regulære og tradisjonsrike samarbeidet på arbeidsmarknads-, arbeidsretts- og arbeidsmiljøområdet blei det i 2013 sett eit særleg søkjelys på situasjonen til dei unge på arbeidsmarknaden, arbeidsmiljøet deira og integrering i arbeidslivet av personar med utanlandsk bakgrunn. 16. mai deltok både nordiske statsministrar og arbeidsministrar i paneldebattar om korleis unge kan komme seg inn på arbeidsmarknaden, med særleg vekt på dei som har størst problem. Hausten 2013 er det planlagt konferansar både om unges arbeidsmiljø og om eit inkluderande arbeidsliv med fokus på utanlandsfødde.

Ministerrådet for arbeidsliv har hatt ansvaret for to globaliseringsprosjekt som blei avslutta i første halvår 2013. Det eine har sett på mønster for migrasjon, arbeidsvilkår og rekrutteringspraksis for arbeidsinnvandrarar frå Sentral- og Aust-Europa til dei nordiske landa. Det andre har undersøkt i kva grad næringslivet og arbeidslivet i dei nordiske landa er i stand til å utnytte nye økonomiske vekstområde, kor mykje dette heng saman med arbeidslivspolitikken i landet, og om denne politikken kan brukast til å rette på situasjonen.

Arbeidskraftmobilitet i Norden

Eit viktig mål med samarbeidet på arbeidslivsområdet er å leggje tilhøva til rette for arbeidskraftmobilitet i Norden. Høg mobilitet er i første rekkje eit gode for den enkelte som er på leiting etter ny jobb, og for arbeidsgjevaren som kan nyttiggjere seg arbeidstakaren. Men det vil òg vere til nytte for landa, både dei som opplever høg arbeidsløyse, og dei som opplever mangel på arbeidskraft.

I Noreg har etterspørselen etter arbeidskraft gjennomgåande halde seg høgare enn i dei andre nordiske landa etter finanskrisa. Den høge etterspørselen etter arbeidskraft har medverka til store straumar av arbeidskraft til Noreg. Desse straumane kjem først og fremst frå Polen, Litauen og Sverige.

I 2012 var det ei nettoinnvandring frå nordiske land til Noreg på moderate 2600 personar. Det utgjorde berre 5 prosent av den samla nettoinnvandringa det året. Blant de nordiske landa kom mange frå Danmark (39 prosent), Sverige (33 prosent) og Island (24 prosent), mens det kom få frå Finland (4 prosent). Bruttostraumane er langt større sidan nordiske borgarar ofte har kortare opphald enn personar som kjem frå fjernare land.

Pendling og korttidsopphald utgjør ein stor del av arbeidskraftstraumen mellom nordiske land. Ved utgangen av 2012 var det 33 000 sysselsette frå nordiske land på korttidsopphald i Noreg. Omfanget har auka med 15 prosent siste året. Sysselsette på korttidsopphald frå nordiske land utgjør berre 1 prosent av den samla sysselsetjinga, men 40 prosent av alle på korttidsopphald.

5.8 Barn og unge

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet medverkar til at barneperspektivet vert vareteke gjennom det nordiske samarbeidsprogrammet på området. Det nordiske ministerrådet for sosial- og helsepolitikk (MR-S) vedtok i juni 2010 at prosjektmidlane i sektoren i 2011–2012 særleg skulle brukast på området tidleg førebyggjande innsats for familiar med risiko for sosial marginalisering. Det blei arrangert ein sluttkonferanse for prosjektet 3.–4. desember 2012 i Stockholm. Nordisk velferdspolitisk senter (NVC) har utarbeidd rapport frå prosjektet.

Under den norske formannskapet vert det i 2012 innanfor ramma av MR-S sett i gang eit nytt prosjekt, *Robuste familiar i Norden*. Formålet er å utarbeide ein kunnskapsstatus og å kartlegge tiltak i Norden som kan førebyggje og løyse konflikstar i familiar, mellom anna i samband med samlivsbrot, slik at barna ikkje tek skade. Nordisk ministerråds visjon er at Norden skal vere den beste staden i verda for barn og unge. Strategi for barn og unge i Norden dannar grunnlaget for ministerrådets innsats på tvers av samarbeidsområda. Barn og unge har lenge vore eit viktig politisk område i dei nordiske landa. Arbeidet er basert på felles grunnleggjande verdiar som rettferd, likskap, demokrati, openheit og engasjement.

Gjennom eit nært samarbeid mellom dei nordiske landa på barne- og ungdomsområdet kan ein oppnå meir enn landa kan oppnå kvar for seg. Unges eiga organisering og unges nordiske samarbeid, nye metodar for å trekkje inn unge i demokratiske prosessar, mangfald, menneskerettar, internasjonalt barne- og ungdomspolitisk samarbeid og forskning på barn og unge står sentralt. Nordisk barne- og ungdomskomite (NORDBUK) har under den svenske formannskapet i 2013 eit særskilt fokus på ungdomsarbeidsløyse og på ungdom og demokratisk deltaking. På ein nasjonal konferanse i november vil Sverige presentere fleire gode eksempel på kva som skal til for å få fleire unge i arbeid i Norden, samt anna relevant forskning.

5.9 Likestilling

Under formannskapet i MR-JÄM i 2012 har Noreg gjennomført mange prosjekt i samband med aktuelle likestillingspolitiske saker. Det er òg sett søkjelys på utviding av innhaldet i det nordiske likestillingsamarbeidet, som var ei hovudsak under det nordiske ministerrådet i Oslo. Samtidig har det vore fokusert på Nordisk ministerråds eiga evne til å sikre kjønnsperspektivet i det daglege arbeidet.

Noreg har søkt å setje i gang aktivitetar i tråd med dei to tverrgåande prioriteringane i det fireårige nordiske samarbeidsprogrammet *Likestilling skaper et bærekraftig samfunn 2011–2014*: a) integrering av eit kjønns- og likestillingsperspektiv i Nordisk ministerråds arbeid («mainstreaming») og b) aktiv involvering av gutar og menn når det gjeld innsats for eit meir likestilt samfunn.

Kjønnsintegrering

For å fremje kjønnslikestillinga har formannskapet for den nordiske embetskomiteen for likestilling og den nordiske embetskomiteen for utdanning samarbeidd om ei kartlegging av kjønnsbalansen i forskinga i dei nordiske landa. Vidare har Noreg teke initiativ til ein prosess for å fremje eit tydelegare kjønnsperspektiv i saker det blir arbeidd med i Nordisk ministerråd. Dette har resultert i ekstra midlar til å gjennomgå alle store framtidige satsingsområde for å sjå til at kjønnsperspektivet er vareteke i alle relevante satsingar, samt eit omfattande opplæringsprosjekt og nye strukturar som skal sikre at kjønnsperspektivet blir betre vareteke i det daglege arbeidet i Nordisk ministerråd. Dette arbeidet er no i gang.

Menn og gutar i eit likestilt Norden

Universitetet i Oslo var i slutten av mai 2012 vert for ein vellykka nordisk konferanse om menn, likestilling og livskvalitet med 170 deltakarar. Denne femte nordiske konferansen om menn og maskulinitet bidrog til ei styrking av forskingsfeltet og fremja ein nordisk debatt der deltakarar frå dei nordiske regjeringane oppsummerte betydninga og aktualiteten til emnet. I samband med konferansen blei det offentleggjort ei policyoversikt over tiltak i Norden der mannsperspektivet i likestillingsarbeidet stod sentralt.

Internasjonalt har det nordiske likestillingsamarbeidet blitt markert med egne nordiske sidearrangement under det årlege møtet for FN's kvinnekonsensjon CEDAW (*Convention on the*

Elimination of All Forms of Discrimination against Women) i New York, og på FN's klimatoppmøte Rio+20 i Brasil. Her blir nordiske erfaringar om det nødvendige i å sjå klimatilpassing i eit kjønns-perspektiv løfta fram. I europeisk regi var Noreg i mai 2012 vert for eit ekspertmøte om kvinner i lei-arposisjonar der den norske kvoteringsmodellen stod i sentrum for europeisk merksemd.

Den norske formannskapet har gjennomført fleire aktivitetar både i departementet og med ekstern bistand i planlegging og gjennomføring. I 2012 blei det arrangert nordiske seminar om desse emna: menn i omsorgsfag, sosial kontroll av unge i kjønnskonservative miljø, antifeminisme og framandfrykt sett i lyset av terrorhandlingane 22. juli og likestillings- og kjønns-perspektiv i den aktuelle nordiske debatten om surrogati og kunstig assistert reproduksjon. I tillegg vart det arrangert ein samisk konferanse med fokus på menn og likestilling.

Sektorprogrammet i 2013 er det tredje innanfor ramma av det fleirårige nordiske samarbeidsprogrammet *Likestilling skaper et bærekraftig samfunn 2011–2014*. I 2013 vil den svenske formannskapet fokusere på dei prioriterte temaa likestilling på arbeidsplassen og likestilling i utdanning. Vidare vil formannskapet støtte aktivitetar innan likestillingsintegrering for å utvikle dette som metode og strategisk verktøy, og støtte arbeidet med likestillingsintegrering innan Nordisk ministerråd.

I tråd med samarbeidsprogrammet skal aktiv deltaking for menn og gutar inngå i alle prioriterte tema i programmet. Mellom anna blei det under ein konferanse om likestilling i barnehage og skule under den norske formannskapet i 2012 presentert erfaringar frå tiltak for å auke talet på menn i barnehagar i dei nordiske landa.

For å sikre ein god oppstart for kunnskaps- og informasjonssenteret Nordisk informasjon for kunnskap om kjønn (NIKK) vil formannskapet samarbeide nært med NIKK med vekt på å gjennomføre aktivitetar innafor dette organet likestilling og arbeidsmarknad.

NIKK

NIKK (Nordisk institutt for kunnskap om kjønn) blei nedlagt som nordisk institusjon og omgjort til eit samarbeidsorgan 31.12.2011, og skal no heite *NIKK – Nordisk informasjon for kunnskap om kjønn*. Omorganiseringa har redusert dei administrative utgiftene og frigjort fleire midlar til ministerrådets aktivitetar for å fremje likestilling. Etter at det ble innhenta anbod, fekk Göteborg

Universitet tilbodet som vertsinstitusjon for nye NIKK.

Hovudoppgåva til nye NIKK er å samle inn og formidle nasjonal forskning, politikk og praksis på likestillingsområdet i Norden.

Noreg har i formannskapsåret reist ein diskusjon om behovet for å utvikle eit meir samla og systematisk samarbeid om ein nordisk mangfaldspolitikk. Dette initiativet kan sjåast i lys av rekommandasjonane frå Nordisk råd på likestillingsområdet. I 2012 er det diskutert fleire modellar for implementering av eit sektoransvar for mangfald, mellom anna i tilknytning til strategien for berekraftig utvikling. Dei gjennomførte aktivitetane under formannskapet har alle hatt hovudfokus på kvinner og menns likestilling, men tematisk har seminara og konferansane under formannskapet i ulik grad spegla mangfaldsperspektiva. Dette er gjort ved at spørsmål knytte til nordiske urfolk og rettane deira, LHBT-befolkninga og deira behov for likestilling og metodar til å møte framandfrykt i Norden er trekte inn. Noreg ved BLD var vert for ministermøtet for likestilling i oktober 2012. Her diskuterte dei nordiske statsrådene forslag om å utvide likestillingssamarbeidet og å implementere ein nordisk strategi for mangfald i det nordiske likestillings-samarbeidet.

Noreg har i regi av NB8 vore aktiv i det nordisk-baltiske samarbeidet på likestillingsområdet. I samarbeid med Litauen arrangerte formannskapet i mai 2012 ein rundbordskonferanse med nordiske og litauiske ekspertar der det blei sett søkelys på korleis kvinner og menn blir representerte i media. På konferansen blei europeiske tiltak ved European Institute for Gender Equality (EIGE) belyste i relasjon til nordiske og baltiske erfaringar. Etter oppmoding frå den norske ambassaden i Riga bidrog BLD til ein nordisk velferdskonferanse 15. november 2012. Innleiaren frå BLD hadde fokus på at fordelinga av omsorgs- og yrkesdeltaking mellom kvinner og menn er ein integrert og viktig føresetnad for utviklinga av den norske likestillingspolitikken og velferdsstaten.

Universell utforming

Under den norske formannskapet blei det arrangert ein nordisk/internasjonale konferanse om universell utforming med fleire hundre deltakarar. Konferansen gav eit breitt bilete av nasjonale og internasjonale tiltak som kan betre tilgjenge for alle grupper menneske. Konferansen gav ny inspirasjon til deltakarane, og svenske myndigheter har bestemt seg for å arrangere ein tilsvarande nordisk konferanse i 2014 med fagleg hjelp frå

Noreg. Dette viser at det i Norden er aukande interesse for å samarbeide om universell utforming.

I 2012 kom arbeidet med å utarbeide nytt mandat og ny samansetjing av Nordisk handikappolitisk råd (NHR) i Stockholm i gang. Spørsmålet kom òg opp under den årlege parlamentariskesjonen i Nordisk råd. Av mandatet som no er vedteke i NMR, går det fram at kvart medlemsland skal fremje forslag om éin ekspert og éin representant frå brukarorganisasjonane til det nye rådet.

I tråd med det norske formannskapsprogrammet for 2012 har Noreg lagt fram for Nordisk ministerråd ein strategi for universell utforming. Arbeidet skal sjåast i samanheng med revideringa av NMR-strategien for berekraftig utvikling og ny strategi for sosial- og helseområdet.

5.10 Fiskeri og fangst

Samarbeidet om fiskeri og akvakultur er retta mot område som er av strategisk relevans for dei nordiske landa. Målet er mellom anna å utvikle samarbeid med viktige land og organisasjonar, til dømes Russland, dei baltiske statane, FAO, Verdsbanken og OECD. Samarbeidet er nettverksbasert og fungerer operativt gjennom konferansar, seminar og prosjekt.

Målet for Noregs formannskapsprogram i 2012 var å vise fram dei nordiske samarbeidstradisjonane og grunnlaget for samarbeid om havressursforvaltning og nyskapande industriell verksemd, i tillegg til å bidra til nordiske plattformer for profilering av sjømatnæringa i Norden. Noreg ønskte å utvikle det nordiske nettverket som kanal for dialog og utvikling av verdiskaping, forskning, utdanning, kultur og samarbeid om sjøtryggleik.

Sverige har under sinn formannskap i 2013 prioritert to tema på fiskeriområdet. I 2013 blei det arrangert eit seminar i samarbeid med Det internasjonale havforskningsrådet (ICES) med sikte på å bidra til å utvikle praktiske retningslinjer for fleirbestandsforvaltning. Hausten 2013 blir det arrangert eit seminar om drivstoffsubsidiar i fiskeflåten som gjennom ein økonometrisk illustrasjon av effekten av å fase ut subsidiane skal bidra til å underbygge politiske diskusjonar om reduksjon/avvikling av subsidiar.

Eitt av dei mest sentrale og framtidsetta områda for det nordiske fiskerisamarbeidet er knytt til leverandørindustri og råstoffutnytting. Nordisk innovasjon i samarbeid med mellom

andre Innovasjon Noreg og tilsvarende institusjonar i dei andre nordiske landa sette i 2012 i gang eit marint innovasjonsprogram på nærmare 100 millionar kroner. Programmet blir utført i samarbeid mellom bedrifter og forskingsinstitutt på tvers av landegrensene. Programmet blei formelt lansert under Noregs formannskap. Erfaringane frå etableringa av dette programmet og Nidaros-erklæringa om berekraftig matproduksjon («grøn vekst») frå ministermøtet i Trondheim i juni 2012 har no gjeve impulsar til mellom anna finansiering av eit nordisk program for bioøkonomi. Den felles interessa for marine biokjemikaliar, foredling av bioråstoff, nye kjelder til fiskefôr m.m. er sentrale tema for utvikling av sjømatsektoren, ingrediensindustrien og rasjonelle produksjonsprosessar. Målet er få til ei større nordisk utlysing av nordiske forskingsmidlar i 2014. Bioøkonomi blir eit sentralt tema for det islandske formannskapsprogrammet i 2014.

Fiskerisamarbeidet er eit vitalt samarbeidsområde i Nordisk ministerråd. Fiskeria har stor betydning i fleire av landa, og den felles utnyttinga av ressursane skaper både utfordringar og rom for samarbeid. Fiskerisamarbeidet har ein prosjektportefølje som i hovudsak består av nettverks- og prosjektfinansierande tiltak. Samarbeidet har stor spennvidde og er prega av ei dagsaktuell, fleksibel og politisk relevant arbeidsform. På embetsnivå er det forankra i EK Fisk, som får bistand frå Arbeidsgruppe for fisk (AG Fisk). I hovudtrekk er denne samarbeidsmodellen tilfredsstillande, men det er venta at han vil bli kritisk gjennomgått under Islands formannskap i 2014. Fiskerisamarbeidet disponerer i dag rundt 6 millionar DKK.

Det nordiske fiskerisamarbeidet kviler på ein tradisjon som strekkjer seg heilt tilbake til 1946. Mykje av det nordiske fiskerisamarbeidet skjer i ein uformell, tillitsfull og open atmosfære, noko vi ikkje finn i alle andre internasjonale samarbeidsorgan. Men tre av landa er no medlemmer av EU. Samanlikna med dei vestnordiske landa har dei fiskeri- og akvakulturnæringar som er relativt marginale i den nasjonale økonomien. Desse landa har i tillegg gjennomgått ei kraftig omstrukturering og nedbygging av fiskeriforskinga si dei seinare åra. Derfor er det vesentlege forskjellar i engasjement og interessefelt mellom dei EU-tilknytte landa i aust og dei vestnordiske landa. Føresetnadene for samarbeidet har derfor endra seg ein god del, og det har tapt noko av den politiske spensten.

Den norske formannskapskonferansen *Fiskeripolitikk i bevegelse* i 2012 hadde som eitt av

sine utgangspunkt å belyse korleis endra rammevilkår i medlemslanda har påverka næringsutøvinga i sektoren og føresetnadene for samarbeidet. Konferansen viste at eit breitt samarbeid som dekkjer fiskerinæring, forvaltning og forskning, er mogleg og ønskeleg trass i ulike interesser. Plattformen for samarbeid finst allereie, og drivkreftene, utfordringane og temaa er i prinsippet stor sett dei same i alle medlemslanda sjølv om det er stor variasjon i kva betydning dei har.

Hovudutfordringa framover er derfor å byggje vidare på det breie interessefellesskapet og konsensusen som trass alt finst mellom dei nordiske landa, samtidig som samarbeidet blir tilpassa dynamikken og endringane i fiskeriforvaltning og forskning. Utover dette kan det vere aktuelt å diskutere eit utvida samarbeid på visse geografiske og tematiske område. Ein slik diskusjon kan opne for spennande debattar om kva som er tenlege samarbeidsformer i åra framover.

5.11 Jord- og skogbruk

Ministerrådet for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) arbeider for ein berekraftig og konkurransekraftig bruk av naturressursane, mellom anna dei genetiske ressursane. Rammeprogrammet (2013–2016) peikar på moglegheiter og utfordringar på området og utgjer saman med dei årlege formannskapsprogramma handlingsprogrammet for samarbeidet.

Under den svenske formannskapen vart ministermøtet i MR-FJLS gjennomført i Åre i juni 2013. Her var temaet *Den moderna landsbygden*, og før den politiske diskusjonen som innleia møtet, hadde Sverige halde fleire workshopar, mellom anna om *Skog och industriellt träbyggande* og *Moderna människors matvanor*. Oppsummeringar frå desse workshopane saman med tiltak frå Nidaros-erklæringa låg til grunn for diskusjonen om moglege framtidige stasingar innafor det nordiske samarbeidet i MR-FJLS. NordGen, PPP-prosjektet, skogbruk og matproduksjon vart mellom anna løfta fram av ministrane i debatten.

Offentleg-privat partnerskap for planteforedling

MR-FJLS vedtok primo 2011 å setje i gang den nordiske offentleg-private partnerskapen for planteforedling (*Public-Private Partnership for pre-breeding in plants*, også kalla PPP-prosjektet) som eit pilotprosjekt for perioden 2011–2013. Dagens planteforedling bruker eit relativt lite utval av genmateri-

alet og den genetiske variasjonen som finst. Det er ein lang veg fram til ein har utvikla nye sortar som kan nyttast i jordbruket, og denne lange vegen har ingen foredlingsselskap i dei nordiske landa hatt råd til å gjennomføre for eiga rekning. Det nordiske prosjektet er eit forsøk på å styrkje nordisk planteforedling, få i stand meir samarbeid og utnytte ressursane hos dei attverande planteforedlingsinstitusjonane i Norden på ein meir slagkraftig måte. Landa bidreg med til saman 4 millionar DKK per år over tre år til prosjekt, i første omgang på korn, fôrvekstar og frukt. Foredlingsselskapa bidreg med tilsvarande midlar i dei enkelte prosjekta dei deltek i. I tillegg har Nordisk ministerråd bidrege med midlar til NordGen som sekretariat i treårsperioden. Prosjektet er no evaluert, og erfaringane er svært positive. Det er levert faglege og organisatoriske resultat med stor nordisk nytte. MR-FJLS vedtok på møtet i år å vidareføre prosjektet frå og med 2014 med finansiering på same nivå som før, samtidig som EK-FJLS (jordbruk) fekk i oppdrag å sjå nærmare på utviklinga av den økonomiske ramma frå 2015 og førebu saka for ministermøtet på Island i juni 2014. Prosjektet og organiseringa vert sett på som banebrytande innan nordisk samarbeid, og ministrane peika på at det kan vere av interesse også for andre sektorar der dei ein-skilde aktørane er for små til å kunne gjennomføre sine prosjekt aleine.

Ny nordisk mat

Det nordiske samarbeidet om programmet *Ny nordisk mat* har skapt auka interesse for utvikling av lokal og regional mat og matkultur, regional utvikling og verdiskaping og for profilering av nordisk mat og matkultur, både nasjonalt og internasjonalt. Programmet går no mot slutten av sin andre periode gjennom *Ny nordisk mat II* (2010–2014), som arbeider for å styrkje dei nordiske mattradisjonane og dei nordiske fortrinna i matproduksjonen. Frå norsk side legg ein stor vekt på mat til mange og på kvardagsmaten, som òg skal fremje helse og velvere. Innsatsen er retta mot heile verdikjeda og skal mellom anna framheve nordisk matkultur for å fremje turisme og eksport av mat. Programmet blei midtvegsevaluert omkring årsskiftet 2012/2013, med godt resultat. Programmet er i rute for å nå målsetjingane.

NordGen

Det nordiske samarbeidet om genressursar for landbruket er samordna og lagt under Nordisk genressurssenter (NordGen). NordGen har ei vik-

tig oppgåve i å bevare genmateriale som kan bli viktig for matproduksjonen og mattryggleiken i framtida. Det er også knytt til meir spesifikke forhold som dei forventa klimaendringane, som fører til at den biologiske produksjon må gå føre seg under andre vekstforhold enn no. NordGen har ansvaret for drifta av frølageret på Svalbard (*Svalbard Global Seed Vault*) gjennom ein eigen avtale mellom Landbruks- og matdepartementet, *Global Crop Diversity* og NordGen. Frølageret på Svalbard inneheldt i mai 2013 om lag 783 000 frøprøvar av jordbruksvekstar frå mange land som er deponerte for sikker langtidslagring i frøkvelvet.

NordGen er òg ansvarleg for sekretariatet for eit internasjonalt råd for frøkvelvet. Rådet har som oppgåve å følgje med på drifta og gje råd til Landbruks- og matdepartementet. Det ligg til rette for auka nordisk innsats i planteforedlingsarbeidet. NordGen er sekretariat for den nordiske offentleg-private partnerskapen om frøforedling for utvalde vekstslag. For NordGen inneber oppdraget eit særskild viktig bidrag til målet om auka berekraftig bruk av genbankmaterialet.

NordGen samarbeider òg med Vavilov-instituttet i St. Petersburg, mellom anna om å få tilgang til frøprøvar som instituttet samla inn i førre hundreåret.

Skogbruk

I det nordiske skogsamarbeidet vart dei nordiske FJLS-ministrane på møtet i Åre i juni 2013 einige om å styrkje det tverrsektorielle samarbeidet mellom EK-FJLS (skogbruk) og EK-NER (næring). Siktemålet er betre og meir utnytting av trevirke som beredyktig byggjemateriale og som viktig råstoff i energiforsyninga. Ministrane er òg samde om å styrkje samarbeidet mellom dei nordiske landa på skogområdet når det gjeld standardisering, regelverksforenkling og betre samvirke mellom ulike lovområde (t.d. knytt til plan- og bygningslovgjevinga). Slikt samarbeid er allereie i gang og vil i hovudsak bli knytt til innsatsen i EK-FJLS (skogbruk) og i SNS.

EK-FJLS (jordbruk og skogbruk) har vidare vedteke å målrette samarbeidet med EK-Miljø ved å peike ut kvart år saker som er aktuelle for gjennomgang og utgreiing i regi av dei underliggjande institusjonane våre.

5.12 Ernæring og mattryggleik

Ministerrådet for fiskeri, havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) og minis-

terrådet for sosial- og helsepolitikk (MR-S) sin handlingsplan for betre helse og livskvalitet gjennom mat og fysisk aktivitet inneheld visjonar fram til 2021. Eit viktig tiltak i handlingsplanen er å utvikle eit felles nordisk system for å monitorere kostvanar, fysisk aktivitet og overvekt i Norden. Dette er viktig for å kunne følgje utviklinga over tid og samanlikne stoda i dei nordiske landa. Det er gjennomført ei nullpunktmåling blant barn og vaksne i alle land i 2011. Ei rekkje resultat frå denne målinga vart lagde fram på den nordiske ernæringskongressen på Island i juni 2012 og på sommarmøtet for MR-FJLS 2012. Resultat frå dette systemet skal m.a. brukast til å vurdere effekten av politiske tiltak opp mot mål og visjonar i handlingsplanen. Ein felles nordisk monitoreringsmetode kan gje eit viktig bidrag til arbeidet i EU og WHO og påverke planlegginga i EU på området. Neste monitoreringsundersøking skal gjennomførast i 2014.

Noreg, Sverige og Danmark innførte den felles nordiske ernæringsmerkeordninga *Nøkkelholet* som ei felles frivillig merkeordning for sunne matvarer i 2009. Island har slutta seg til ordninga i 2013. Merkeordninga er ei vidareutvikling av den svenske merkeordninga, som har vore i bruk i Sverige sidan 1989. Det er utarbeidd felles kriterium for bruk av merket. Det blir no arbeidd med å revidere merkeordninga, mellom anna med nye og skjerpa krav til maksimalt saltinnhald. Forslag til revidert forskrift skal etter planen sendast på høyring hausten 2013. Landa har òg samarbeidd tett om kommunikasjon rundt ordninga, mellom anna om bodskap, brosjyremateriell og undersøkingar om kjennskapen til ordninga blant forbrukarane. I Danmark og Sverige er nøkkelholsordninga innført i serveringsmarknaden. Noreg har sett i gang eit arbeid for å vurdere om ordninga òg skal innførast i denne marknaden her, men avventar ytterlegare erfaringar frå Danmark og Sverige.

Vidare er det planlagt å samarbeide om tiltak for å redusere inntaket av salt. Arbeidet med å revidere dei nordiske næringsstofftilrådingane (NNR) frå 2004 vart sett i gang i 2008 og er no i ein slutfase. NNR dannar grunnlaget for arbeidet med ernærings spørsmål i Norden. Forslag til nye tilrådingar vart presenterte ved den tiande nordiske ernæringskonferansen i Reykjavik i juni 2012. Anbefalingane er no på open høyring og skal lanserast i oktober 2013. Ernæringskonferansen ICN+2 (*International conference on Nutrition*) skal haldast i 2014, og arrangørar er WHO og FAO. Dei nordiske landa vil samarbeide om førebuingane til konferansen.

Det felles veterinære beredskapssamarbeidet i Norden har framleis høg prioritet. Målsetjinga er å styrkje beredskapen i dei nordiske og baltiske landa på dyrehelseområdet. Samarbeidet har brei deltaking frå dei nordiske og baltiske landa. I 2010 vart arbeidet utvida til å omfatte Austersjøregionen innanfor rammene av EUs austersjøstrategi, og hausten 2011 vart det gjennomført ei nordisk-baltisk beredskapsøving med deltaking frå veterinærstyresmaktene i Norden og dei baltiske landa. Målet med øvinga var å teste og trene beredskapen ved utbrot av alvorlege smittsame husdyrsjukdommar.

På initiativ frå Noreg blei det i 2012 halde eit nordisk/baltisk møte i Oslo med sikte på å diskutere ulike utfordringar knytte til drikkevassforsyninga i landa. På møtet vart det peika på ei rekkje område der eit nærmare samarbeid mellom landa kunne vere formålstenleg, og arbeidet med å leggje grunnlaget for eit nordisk-baltisk nettverk held fram. Sverige vil arrangere eit oppfølgingsmøte hausten 2013.

Nordisk samarbeid om tilsyn på matområdet er eit område med stor nordisk nytte. Den tiande tilsynskonferansen med omtrent 250 deltakarar frå dei nordiske tilsynsstyresmaktene vart gjennomført i Finland i februar 2012 med temaet *Hygienpaketen og fleksibilitet*. Den norske formannskapet i 2012 har òg sett tilsyn med dyrevelferd på dagsordenen, og det vart halde ein nordisk konferanse om dette temaet hausten 2012, eit arrangement det er ønske om å vidareføre.

Gjennom EØS-avtalen er det etablert eit omfattande harmonisert regelverk på matområdet, mellom anna for mat, dyr og innsatsvarer. Mattryggleiksområdet er omfatta av EØS-avtalen, og det er etablert omfattande EØS-regelverk mellom anna for næringsmiddelhygiene, dyrehelse, dyrevelferd, merking av mat, tilsetjingsstoff og grenseverdier av ei rekkje uønskte stoff i mat. Det nordiske samarbeidet kan vere ein viktig samarbeidskanal både når det gjeld å utvikle regelverk og i samband med tilsyn og handheving av regelverket.

5.13 Økonomi- og finanspolitikk

Hovudmåla med nordisk samarbeid på det økonomiske og finansielle området er høg og berekraftig vekst i produksjon og sysselsetjing, låg arbeidsløysing og låg og stabil prisstiging. Vidare skal samarbeidet fremje nordiske interesser internasjonalt. EU-saker har høg prioritet. Samarbeid og informasjonsutveksling i skattes spørsmål er òg

eit fast innslag på finansministermøta. Vidare vil arbeidet med å avvikle grensehinder mellom dei nordiske landa framleis vere ein viktig del. Drøfting av regulering og tilsyn i finansmarknadene har dei siste par åra hatt ein betydeleg plass.

I åra framover vil aldringa i befolkninga leggje auka press på offentlege finansar. For å møte denne demografiske utfordringa legg alle dei nordiske landa stor vekt på høg yrkesdeltaking og på å styrkje formuesposisjonen til staten. Dette speglar seg i ein aktiv arbeidsmarknads- og sysselsetjingspolitikk, pensjonsreformer og målsetjingar om fortløpande budsjettoverskot for offentlig sektor.

Det nordiske samarbeidet mot skatteparadis har vore ein suksess og resultert i at alle dei nordiske landa hittil har inngått bilaterale avtalar om informasjonsutveksling med over førti jurisdiksjonar. Det er vedteke at prosjektet skal forlengjast til oktober 2013. Prosjektet har fått mykje positiv merksemd, og Norden ligg på toppen når det gjeld inngåtte avtalar med land som OECD har klassifisert som skatteparadis.

Sidan 2010 har det nordiske økonomiske tidskrift *Nordic Policy Review* blitt utgjeve. Tidsskriftet kjem ut to gonger i året og belyser økonomisk-politiske spørsmål frå eit nordisk perspektiv. I samband med utgjevinga blir det arrangert eit fagleg seminar kring emna som blir tekne opp i tidsskriftet. I 2012 kom det ut to nummer med høvesvis *Economics of Education* og *Challenges in Health Care Finance and Provision* som emne. Den sjuande utgåva låg føre våren 2013 og handlar om ungdomsarbeidsløyse. Nordisk ministerråd dekkjer delar av kostnadene med tidsskriftet. MR-Finans vurderer no framtida til tidsskriftet.

Nedbygging av grensehinder mellom dei nordiske landa er eit prioritert samarbeidsområde. Saker som er tekne opp, er m.a. den nordiske dobbelskattleggingssavtalen og oppfølging av rundebordssamtalen om moms på innførsel av anleggsmaskiner til og frå Noreg. Vidare blei det gjennomført ein analyse av ulike skattleggingsmetodar ved internasjonale dobbelskattleggingssavtalar. Dei nordiske statsministrane gav i 2011 finansministrane i oppdrag å utarbeide forslag til korleis landa kan samordne og forsterke innsatsen i internasjonale finansinstitusjonar for å fremje grønne investeringar. Dette arbeidet er følgt opp i 2012 og vil bli vidareført i 2013.

Samarbeidet på miljøøkonomiområdet blir vareteke av ei felles arbeidsgruppe under embetsmannskomiteen for miljø og embetsmannskomiteen for økonomi og finanspolitikk. Gruppa er eit forum for faglege diskusjonar, og her kan dei nor-

diske landa også koordinere førebuingar til internasjonale møte. Gruppa har avslutta fleire prosjekt i 2012 og har fleire større prosjekt under planlegging og oppstart. Dei nordiske statsministrane har gjeve dei nordiske finansministrane i oppdrag å greie ut korleis dei kan samordne og forsterke innsatsen i internasjonale finansinstitusjonar der dei nordiske landa er sentrale aktørar, for å fremje grønne føretak og investeringar.

Dei nordiske finansministrane oppnemnde i februar 2012 ei arbeidsgruppe som mellom anna skulle vurdere ulike sider ved dei kommande kapital- og likviditetskrava til finansinstitusjonar (Basel III/CRD IV-regelverket), den føreståande innføringa av regelverket i nasjonal rett og utsiktene for samarbeid mellom dei nordiske landa om denne gjennomføringa. Rapporten blei levert til dei nordiske finansministrane 13. juni 2012. Arbeidsgruppa viser til at finansmarknadene i Norden er svært integrerte, og at det både er mogleg og ønskeleg å etablere eit nordisk samarbeid om dei nye kapital- og likviditetskrava i CRD IV. Dei nordiske finansministrane bad i eit brev 11. september 2012 dei nordiske finanstilsynsmyndingane om å vurdere utsiktene for å gjennomføre tilrådingane frå den nordiske arbeidsgruppa på bakgrunn av eit endeleg kapital- og likviditetsregelverk frå EU. I eit brev 24. oktober 2012 frå dei nordiske finanstilsynssjefane til dei nordiske finansministrane blei det gjort opp status for det fortløpande samarbeidet og informert om kva som er gjort for å følgje opp hovudkonklusjonane frå arbeidsgruppa, mellom anna arbeidet med å sikre like konkurransevilkår og vertslandsregulering.

Verksemda i Den nordiske investeringsbanken i 2012

Banken er eigd av dei nordiske og baltiske landa. Noreg eig 21,5 prosent. Banken skal gje lån og stille garantiar til prosjekt som er av interesse for medlemslanda og andre land som tek imot slike finansielle tenester. Lån og garantiar skal gjevast på bankmessige vilkår og vere i samsvar med samfunnsøkonomiske omsyn. Låneaktivitetane omfattar mellom anna investeringslån til verksemdar i to eller fleire medlemsland, finansiering av miljø- og infrastrukturinvesteringar, lån til regionalpolitiske kredittinstitusjonar, ordinære investeringslån utanfor Norden og prosjektinvesteringar til kredittverdige utviklingsland og land i Sentral- og Aust-Europa. Forvaltningskapitalen var ved utgangen av 2012 på 26 milliardar euro eller om lag 180 milliardar kroner.

Banken hadde eit overskot på 209 millionar euro eller om lag 1,6 milliardar kroner i rekneskapsåret 2012, mot eit overskot på 194 millionar euro året før. Overskotet har samanheng med bankens høge rating og den relativt stabile finansielle situasjonen i dei nordiske landa.

NIB hadde ved utgangen av 2012 samla utlån og garantiar på 15,1 milliardar euro eller om lag 115 milliardar kroner. Av dette var utbetalingane på 2,4 milliardar euro. Styret har vedteke at det for 2012 skal betalast 52 millionar euro i utbyte til medlemslanda. Resten skal overførast til dei generelle reservane. Noreg sin part er på 9,6 millionar euro eller 73,5 millionar kroner.

5.14 Justissektoren

Det nordiske lovsamarbeidet blir drive fram gjennom kontinuerleg innsats for å utveksle informasjon og erfaringar om lovgjevingsarbeid og for å tilpasse og revidere lovgjevinga med sikte på størst mogleg samanfall. Som ledd i arbeidet med å fremje nordisk rettslikskap i samband med gjennomføringa av fellesskapsrettsakter er det utarbeidd ein promemoria som gjer greie for korleis og i kva samanhengar det vert samarbeidd for å få til like reglar i Norden.

I EU blir det no arbeidd med nye reglar om personvern og datahandsaming. Her samarbeider representantane for dei nordiske landa tett. Mellom anna blei det i januar 2013 halde eit nordisk møte i København om personvernpakken til EU. Eit nytt møte er planlagt hausten 2013 i Stockholm.

Den 24. mai 2013 fremja regjeringa Prop. 158 LS (2012–2013) *Endringar i kjøpsloven og avtaleloven og samtykkje til å trekkje reservasjonen mot FN-konvensjonen 11. april 1980 om kontraktar for internasjonale lausøyrekjøp (CISG) del II om avtaleinngåing*. Eit siktemål med lovframlegget var å gjere det mogleg for Noreg å trekkje sin reservasjon mot CISG. Då Danmark, Finland og Sverige no alle har trekt sine reservasjonar, står Noreg att som den einaste konvensjonsstaten med reservasjon mot konvensjonen del II.

Det er tett samarbeid mellom dei nordiske landa når det gjeld utlevering av lovbrutarar. Utlevering mellom dei nordiske landa var tidlegare regulert av felles nordisk lovgjeving. Den felles nordiske lovgjevinga om utlevering blei 16. oktober 2012 avløyst av konvensjonen om nordisk arrestordre. Den nordiske arrestordren gjer det enklare å pågripe, overlevere og straffefølgje lovbrutarar i Norden.

Det er gjort ei utgreiing om overføring til soning i eit anna nordisk land av personar som er dømde til samfunnsstraff, og Justis- og beredskapsdepartementet jobbar vidare med råda frå denne utgreiinga.

Det nordiske politisamarbeidet er under utvikling og vert til ein viss grad påverka av prosessar og initiativ i EU. Det er ein naturleg konsekvens av at tre av dei nordiske landa er medlemmer i EU, medan Island og Noreg står utanfor. Mellom anna vil den såkalla Prüm-avtalen, som no er ein del av EU-regelverket, vere grunnlag for nye tiltak innanfor nordisk politisamarbeid.

Eit anna døme på nordisk politisamarbeid er Atlas-øvinga som blei halden i Noreg 15.–19. april 2013. Atlas er EU-landa sitt samarbeidsforum for politiinnsats mot terror. Noreg og Sveits er knytte til samarbeidet gjennom ein eigen avtale. Innsatsstyrkar frå Sverige, Danmark, Finland og Noreg trena saman desse dagane. Scenarioet var ein større passasjerbåt som var kapra av terroristar. Terroristane hadde teke mannskap og passasjerar som gislar.

I kampen mot organisert kriminalitet i dei nordiske landa, ikkje minst tjuverikriminalitet og narkotikalovbrot som er knytte til kriminelle grupperingar frå andre europeiske land, står det nordiske politisamarbeidet sentralt. Dette samarbeidet gjer dessutan dei nordiske landa betre i stand til å oppfylle pliktene som følgjer av EU-regelverket om politisamarbeid og kamp mot kriminalitet.

Samfunnstryggleik

Det er aukande politisk merksemd rundt nordisk samarbeid på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Haga-erklæringa frå 2009 formaliserte det nordiske samarbeidet og gjorde sitt til at arbeidet med samfunnstryggleik kom meir i søkjelyset. Formålet var å finne felles overordna område som kan utviklast og styrkjast, eller område ein kan gå saman om innanfor det internasjonale beredskapssamarbeidet i EU, NATO eller FN.

Dei nordiske landa fordjupar samarbeidet om felles kriseberedskap gjennom ein revidert versjon av Haga-erklæringa, Haga II, som blei lagd fram på nordisk ministermøte for ministrarar med ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i Vaxholm 3. og 4. juni 2013. Erklæringa slår fast at det nordiske samarbeidet skal utviklast og forsterkast ytterlegare, og har som overordna visjon eit Norden utan grenser. Eit overgripande mål er å skape eit robust Norden gjennom førebygging, handtering og gjenoppretting etter alvorlege hendingar. Det nordiske samarbeidet skal med bakgrunn i

det enkelte lands ansvar beskytte befolkninga og vere meir målretta enn tidlegare.

Det vidare Haga-samarbeidet skal førebu erfarings- og kunnskapsbyttet mellom landa, styrkje samarbeidet om førebygging og avgrense konsekvensane av kriser i samfunnet. Vidare skal det utvikle rom for felles kapasitetsoppbygging og innsats og skape betre føresetnader for å samhandle i ulike internasjonale samanhengar, både operativt og politisk. Ein strategisk utviklingsplan skal bidra til å konkretisere deklarasjonen gjennom å identifisere mål, prosess og tidsplan for arbeidet på strategisk nivå.

I det nordiske ministermøtet i Vaxholm overtok Noreg formannskapet etter Sverige. Dette inneber at Noreg står ansvarleg for vidare framdrift i arbeidet med den strategiske utviklingsplanen neste år og er vertskap for det neste nordiske ministermøtet våren/sommaren 2014.

NORDRED

NORDRED byggjer på ein rammeavtale mellom Danmark, Finland, Sverige, Island og Noreg frå 1989 om samarbeid over territorialgrensene for å hindre eller avgrense skadar på menneske, eigedom eller miljø ved ulykker. Avtalen skal komplettere andre nordiske multilaterale eller bilaterale avtalar på området. Sverige har formannskapet i NORDRED i perioden 2012–2015. Det er etablert ei eiga kontaktgruppe der Noreg deltek. I denne perioden er prioriterte område grenseoverskridande samarbeid ved hendingar, erfaringsoverføring og praktisk handtering av ulike typar ulykker.

5.15 Administrasjon og forvaltning, forbrukarpolitikk, frivillig sektor, flyktingar og migrasjon

Administrasjon og forvaltning

I Nordisk forvaltningspolitisk forum har departementa med ansvar for forvaltningspolitikken i dei nordiske landa årlege møte for å utveksle erfaringar og diskutere aktuelle saker. Datatilsynet deltek årleg på møte på saksbehandlarnivå mellom datatilsyna i dei nordiske landa for å få innspel om kva styresmaktene i dei andre nordiske landa er opptekne av, i tillegg til erfaringsutveksling. Møta er òg gode arenaer for å utvikle kontaktnett. I tillegg til saksbehandlarmøte blir det kvart år arrangert ein årleg nordisk datatilsynskonferanse på leiarnivå. I desse møta deltek leiinga i datatil-

synsmyndigheitene i alle dei nordiske landa for å utveksle erfaringar.

Datatilsynet og Difi har saman med FAD delteke i arbeidsgrupper for å lette innkjøp av skytenester til offentleg sektor i 2012/2013. Arbeidet handla mellom anna om rettleingar, besteeksempel og standardelement til kontraktar.

Statsbygg deltek i eit samarbeid mellom dei ulike statlege byggherrane og eigedomsforvaltarane i Norden. Tema som har vore diskuterte den seinare tida, er mellom anna organiseringa av den statlege byggje- og eigedomsverksemda, bruk av bygningsinformasjonsmodellar (BIM) og utvikling av internasjonale standardar for desse modellane, risikostyring, forvaltning av kulturhistoriske eigedommar og kulturmiljø og universell utforming.

Det er oppretta ei nordisk arbeidsgruppe som skal samarbeide om energispørsmål og energibruk. Det er òg etablert eit eige nordisk kontaktutval for utanlandseigedommar i nært samarbeid med utanrikstenesta i dei nordiske landa. I dette kontaktutvalet vert det utveksla erfaringar med bygging og forvaltning av utanlandseigedommane, mellom anna eventuell samløkalisering av ambassadar for dei nordiske landa, tryggleik, etikk, miljø- og energispørsmål o.a.

Forbrukarpolitikk

I samband med at ministerrådet for forbrukar spørsmål vart lagt ned frå 1. januar 2006, vedtok forbrukarministrane å vidareføre samarbeidet på uformelt plan og å etablere embetsmannsgruppa for nordisk samarbeid på forbrukarområdet (NordKons). Samarbeidet i NordKons er avgrensa til informasjons- og erfaringsutveksling. I tillegg finst det eit nettverk for informasjonsutveksling mellom ulike aktørar som arbeider med forbrukar spørsmål.

Noreg deltek elles i eit samarbeid mellom nordiske land og Estland om forbrukarundervisning.

Frivillig sektor

Forskning er ein sentral strategi for regjeringa i frivilligpolitikken. Kulturdepartementet har eit samordningsansvar for statleg frivilligpolitikk og vart eit sektorovergripande perspektiv på forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. Eit femårig forskingsprogram, *Virtuelt senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor*, er avslutta. Forskingsresultata frå programmet er tilgjengelege på sivilsamfunn.no. Kulturdepartementet skal i samarbeid med fleire departement vidareføre og vidareutvikle forskingsinnsatsen på dette området. Det

nordiske perspektivet er vareteke gjennom forskingssamarbeid, bokprosjekt, seminar og anna. Ein vurderer om eit nordisk perspektiv skal varetakast i den nye forskingsinnsatsen.

Flyktningar og migrasjon

Nordisk samrådsgruppe på høgt nivå for flyktningsspørsmål (NSHF) er eit uformelt diskusjonsforum for flyktning-, innvandrings- og integreringsspørsmål. Justis- og beredskapsdepartementet har hovudansvaret for denne gruppa på norsk side. Det finst for tida to arbeidsgrupper under NSHF: ei om retur og tilbakevending og ei om gjenbusetjing.

Det nordiske samarbeidet er viktig for norske innvandringsstyresmakter. Det opnar for informasjonsutveksling og diskusjon om problemstillingar som er av felles interesse for dei nordiske landa, og byr i tillegg på uformell informasjon om møte og prosessar i EU som Noreg elles ikkje har tilgang til. Det er jamlege diskusjonar om spørsmål knytte til EU-regelverket.

Det eksisterer òg eit uformelt samarbeid på lågare nivå om integreringspolitikk. Frå norsk side er det Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) som administrerer dette samarbeidet.

Sidan 1968 har det vore eit nordisk samarbeid om felles statsborgarreglar for nordiske borgarar. Det er gjort avtale om gjennomføring av visse avgjerder om statsborgarrett for nordiske borgarar frå eit anna nordisk land. Revidert avtale vart underteikna i København 13. september 2010 og tok til å gjelde 5. september 2012. Kwart år er det nordisk embetsmannsmøte om statsborgarskap der Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet deltek.

5.16 Samar og nasjonale minoritetar

Ministrane med ansvar for samiske saker i Finland, Noreg og Sverige og sameingspresidentane i desse landa har sidan 2000 hatt jamlege møte. Formålet er å styrkje og utvikle samefolkets språk, kultur, næringar og samfunnsliv.

Nordisk samisk språkpris, *Collegiella*, vart delt ut for femte gongen hausten 2012. Prisen skal bidra til å fremje, utvikle og bevare det samiske språket i Noreg, Sverige, Finland og Russland. Språkprisen er på 15 000 euro og vert delt ut annakvart år.

Arbeidet med nordisk samekonvensjon har vore førebudd gjennom det nordiske samarbeidet

om samiske saker. På fellesmøtet mellom sameingspresidentane og ministrane for samiske saker i Stockholm hausten 2010 vart det vedteke å gå i gang med forhandlingar om ein nordisk samekonvensjon. Forhandlingane tok til i mars 2011, og målet er at dei skal vere slutførte innan fem år. Den norske forhandlingsdelegasjonen har fem medlemmer. Leiaren og to medlemmer er utnemnde av regjeringa, medan to medlemmer er utnemnde etter forslag frå Sametinget. Sametinget skal konsulterast undervegs i forhandlingane. Utkastet til nordisk samekonvensjon vil danne ramma for forhandlingane.

Konvensjonsutkastet vart utarbeidd av ei nordisk ekspertgruppe på bakgrunn av dei internasjonale dokumenta dei tre landa er bundne av, og tek utgangspunkt i at samane er urfolk i Finland, Sverige og Noreg.

Samisk parlamentarisk råd (SPR) er samarbeidsorganet mellom sameinga i Finland, Noreg og Sverige. Samane i Russland har permanent deltaking i rådet. Samisk parlamentarisk råd vedtok i 2012 å setje i gang eit prøveprosjekt for etablering av eit nordisk samisk fag- og ressurscenter. Prøveprosjektet vart starta 1. januar 2013 og skal vare til juni 2014. Senteret fekk namnet *Sámi giellagáldu*. Dei viktigaste ansvarsområda til Sámi giellagáldu er samisk språksamarbeid, språkfagleg arbeid og tilbod om språktenester til språkbrukarar i Finland, Sverige og Noreg. Senteret har saman med sameinga ansvar for å styrkje og utvikle det nordiske språksamarbeidet, styrkje og utvikle samisk ved å vareta behova, utfordringane og ressursane til kvar språkgruppe og sikre samisk språk ei rikare framtid.

Samerådet er ein fellessamisk kulturpolitisk og politisk institusjon for samiske organisasjonar i Finland, Noreg, Sverige og Russland. Rådet er viktig for å utvikle det grenseoverskridande samarbeidet og for å styrkje det internasjonale samarbeidet urfolk imellom og mellom urfolk, styresmakter og andre aktørar. Samekonferansen og Samerådet har spela ei viktig rolle i den samepolitiske utviklinga sidan dei vart oppretta. Den 20. samekonferansen vart halden i Murmansk i mai 2013.

Nordisk arbeidsgruppe for nasjonale minoritetar blei oppretta på embetsmannsnivå mellom departementa i Sverige, Finland og Noreg som har ansvaret for gjennomføringa av Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar og Europarådspakta for region- og minoritetspråk. Sverige var vertsland for møtet i arbeidsgruppa i 2013.

5.17 Samferdsel

Transportsektoren er ikkje med i det formaliserte nordiske regjeringssamarbeidet, men det er framleis viktig å diskutere aktuelle transportpolitiske problemstillingar og ta vare på det gode nettverket som er etablert mellom dei nordiske landa. Det nordiske regjeringssamarbeidet i transportsektoren legg vekt på å fremje effektiv, konkurransekraftig, sikker og miljøvennleg transport og trafikk i Norden og nærområda. Det er særleg fokus på område der landa har felles problemstillingar. I tillegg er det lagt vekt på at samarbeidet skal fremje den politiske debatten og vere eit forum for erfaringsutveksling. Samarbeidet har medverka til ei positiv utvikling i dei nordiske landa.

EØS-spørsmål har fått stadig større merksemd, og samarbeidet har mellom anna teke sikte på å påverke transportpolitikken i EU i retning av Den nordlege dimensjonen. Dei seinare åra har det vore lagt vekt på auka samarbeid med dei baltiske landa. Innanfor ramma av den noverande samarbeidsmodellen skal det haldast eitt møte i året mellom dei nordiske og baltiske transportministrane. I tillegg møtest dei nordiske og baltiske transportministrane før transportrådsmøta i EU.

Samferdselsdepartementet vil òg styrkje internasjonalt samarbeid og er mellom anna engasjert i Barentssamarbeidet og Den nordlege dimensjonen. Ein nærmare omtale står i kap. 3.3 og 3.5.

Om nordisk samarbeid på transportområdet

Nordisk råd har mellom anna anbefalt regjeringane i dei nordiske landa å utarbeide ein felles nordisk strategi for utvikling og investeringar i transportinfrastruktur. Det same spørsmålet blei òg teke opp i ein interpellasjon til samferdselsministeren. I svaret frå det svenske *Näringsdepartementet*, som for tida leier Nordisk ministerråd, og frå samferdselsministeren til Stortinget blei det vist til dei mange samarbeidsarenaene som eksisterer, og til konkrete samarbeidsprosjekt av bi- og multilateral karakter. Konklusjonen er at det er betre å basere det vidare samarbeidet desse enn å bygge nye strukturar. Det blei òg vist til arbeidet som BEATA har teke initiativ til: ein felles transportplan for Barentsregionen, som skal ha ei heilskapleg tilnærming i nordområda og kan gje nokre langsiktige rammer for arbeidet med transportutfordringane i regionen. Eit forslag til ein slik plan blir presentert for transportministrane på eit møte i Narvik i september 2013.

EasyGo

EasyGo er eit samarbeid om bompengerevling mellom Noreg, Sverige og Danmark. *EasyGo* gjer det mogleg for både privatbilistar og yrkestransportørar å køyre med éi og same brikke (t.d. AutoPASS-brikka) gjennom alle bompengeanlegg i Skandinavia og på mange ferjesamband mellom Danmark, Sverige og Tyskland. På same måten kan ein bruke brikker frå Danmark og Sverige til å køyre i Noreg. Denne løysinga er teken godt imot blant trafikantane og har samtidig gjort innkrevjinga frå utanlandske trafikantar meir effektiv. Bruken av tenesta har auka jamt sidan oppstarten i 2007, og samla er det sendt over ein milliard kroner i grensekryssande transaksjonar. Månadleg går det om lag 200 000 passeringar gjennom dette systemet. I tillegg er Austerrike no ein formell del av *EasyGo*, og utvidinga vert sett i drift i løpet av hausten 2013. Utvidinga til Austerrike vil berre gjelde tunge køyretøy. Det vert òg vurdert å utvide *EasyGo* til andre land. *EasyGo* er bygd på standardane i EU-direktiv 2004/52/EF (EFC-direktivet). Suksessen med *EasyGo* og den føreståande utvidinga gjer dette til eit referanseprosjekt i europeisk samanheng.

Prosjektet Svinesundsambandet

Ved riksgrensa mellom Noreg og Sverige på Svinesund er det skapt eit svært godt samarbeid over landegrensene gjennom prosjektet *Svinesundsambandet*. Svinesundsambandet strekkjer seg frå Nordby i Sverige til Svingenskogen i Noreg. Det omfattar to kilometer ny motorveg på svensk side, 4,3 kilometer ny motorveg på norsk side og ei 700 meter lang bru mellom dei. Riksgrensa er òg EU-grense, og det er bygd tollstasjonar på begge sider. I tillegg er det betalingsstasjonar ved både ny og gammal bru. Prosjektet er finansiert med bompengar på både svensk og norsk side. Det har vore ein jamn auke i trafikken sidan oppstarten. I 2012 var det 7,3 millionar køyretøy som passerte bomstasjonane, det vil seie ein årssdøgntrafikk på rundt 20 000.

Ofofbanen

Auka utskipping av jernmalm frå Narvik fører til kapasitetsproblem på Ofofbanen. I Nasjonal transportplan for perioden 2014–2023 er det sett av om lag 1,6 mrd. kroner for å auke kapasiteten på bana. Det skal gjerast ved hjelp av fleire og lengre kryssingsspor og betre banestraumforsyning.

Skal planane til malmtransportørane realisere fullt ut, vil det vere behov for ytterlegare kapasitetsauke på Malmbanan/Ofotbanen. Dette understrekar behovet for samordna planlegging, gjennomføring og finansiering på begge sider av grensa med både myndigheiter og selskap som deltakarar. Det er inngått avtale mellom staten og LKAB om finansiering av lengre kryssingsspor på to stasjonar på Ofotbanen. Det er òg lagt til rette for at *Northland Resources* kan ta i bruk eit nytt utskipingsanlegg ved containerterminalen i Narvik hausten 2013. Samferdselsdepartementet og det svenske *Näringsdepartementet* har sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå nærmare på utfordringar knytte til kapasitetsbehov, finansieringsløyningar og samarbeid på tvers.

Beredskap

Det går føre seg eit nordisk samarbeid om beredskap og krisehandtering på transportområdet. Det blir mellom anna arrangert ein serie fellesøvingar, *Bordercrossing*, mellom Statens vegvesen, Jernbaneverket og det svenske *Trafikverket*. Desse øvingane dekkjer heile riksgrensa frå Østfold til Finnmark.

Luftfart

NORDICAO er det nordiske samarbeidet i *International Civil Aviation Organization (ICAO)*. Sidan 1944 har dei skandinaviske og seinare dei nordiske statane hatt ein felles delegasjon til ICAO, FN-organisasjonen for sivil luftfart. Samarbeidet har sikra at dei nordiske landa til kvar tid har vore og framleis er representerte med eitt sete i ICAOs råd. Dette setet går på rundgang blant dei fem nordiske statane. NORDICAO skal primært vareta interessene til dei nordiske landa i ICAO. Vidare skal NORDICAO vere med og styrkje ICAO i rolla som global organisasjon for utvikling og harmonisering av standardar, tilrådde framgangsmåtar og rettleiingsmateriale på luftfartsområdet.

Noreg stiller til val på vegner av dei nordiske landa på den 38. generalforsamlinga i ICAO hausten 2013. Rotasjonsgruppa som dei nordiske landa utgjør, har vore vald inn på kvar einaste generalforsamling sidan 1944.

I år har Tyrkia, Moldova, Ukraina, Georgia og Aserbajdsjan danna ei ny rotasjonsgruppe i Europa. Den nye gruppa stiller ikkje til val i 2013, men kjem mest truleg til å gjere det på neste generalforsamling i 2016. Det kan bety at det ved valet i 2016 blir fleire europeiske kandidatar som stiller til val enn dei åtte som sit i rådet per i dag.

På denne bakgrunnen vurderer dei nordiske landa om rotasjonsordninga i NORDICAO bør utvidast til å omfatte land utanom Norden, nærmare bestemt Estland og Latvia, for å styrkje legitimiteten til den plassen dei nordiske landa har i rådet. Det er allereie etablert eit omfattande luftfartspolitisk samarbeid med desse landa på områda lufttrafikkstyring og luftromsorganisering. Gjennomføringa av eit felles europeisk luftrom – *North European Functional Airspace Block (NEFAB)*

Lovgjevingspakken *Single European Sky II* medfører at det vert fastsett felleseuropeiske ytingskrav til utøvarar av flysikrings- og lufttrafikktenester. Det vil særleg dreie seg om krav til tryggleik, kostnadseffektivitet, kapasitet og miljøeffektar. Eitt av verkemidla som skal innførast for å oppfylle desse ytingskrava, er såkalla funksjonelle luftromsblokker, det vil seie grenseoverskridande samarbeid om bruken og organseringa av luftrommet over fleire land.

Noreg har oppretta ei slik luftromsblokk, *North European Functional Airspace Block (NEFAB)*, saman med Estland, Finland og Latvia. Avtalen om NEFAB tok til å gjelde i desember 2012. Luftromsblockka vert vurdert som etter måten fordelaktig for Noreg, men det er ønskeleg å integrere denne luftromsblockka med den dansk-svenske luftromsblockka. I fortalen til NEFAB-avtalen vert det m.a. framheva som viktig å bevare det tette samarbeidet med Island, Danmark og Sverige, i tillegg til en visjon om ei mogleg framtidig konsolidering av det nordisk-baltiske luftrommet.

NEFAB-avtalen blei lagd fram for Stortinget som Prop. 143 S (2011–2012) og godkjend med Innst. 25 S (2012–2013).

Opphavleg deltok også Danmark, Island og Sverige i NEFAB-samarbeidet. Ein forsøker inn-til vidare å løyse samarbeidsbehovet med desse landa mellom anna gjennom ein avtale mellom dei statlege utøvarane av flysikringstenester i alle dei sju landa. Det er òg etablert eit nærmare samarbeid mellom dei statlege tilsynsstyresmak- tene i dei sju landa. Samferdselsministrane i Danmark, Estland, Finland, Latvia, Noreg og Sverige skreiv i mars 2013 under ei erklæring om tettare samarbeid mellom dei to luftromsblockkene på departementsnivå. I erklæringa vert det peika på at ei konsolidering av dei to luftromsblockkene skal vere ein visjon for samarbeidet. Dei har òg oppretta eit nettverk av representantar frå transportdepartementa som skal leggje til rette for ei slik utvikling av samarbeidet. For tida deltek ikkje Island i samarbeidet på departementsnivå.

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet 4. oktober 2013 om Nordisk samarbeid vert send Stortinget.

Vedlegg 1**Samanstilling av budsjetta for 2014¹ og 2013
(løypande priser TEUR):**

	Budsjett 2014	Budsjett 2013	Endring
Prioriteringsbudsjett	9.891	10.946	-9,6 %
Kultur	22.195	23.298	-4,7 %
Fiskeri, jord, skog og næringsmiddel	5.361	5.591	-4,1 %
Likestilling	1.180	1.226	-3,7 %
Utdanning, forskning	31.434	32.671	-3,8 %
Sosialpolitikk	5.254	5.492	-4,3 %
Næring, energi og regional	16.488	17.163	-3,9 %
Miljø	5.873	6.101	-3,7 %
Arbeidsliv	1.809	1.881	-3,8 %
Finanspolitikk	241	249	-3,5 %
Lov	184	191	-3,5 %
Nabopolitikk	11.872	12.848	-7,6 %
NMRS	10.356	10.861	-4,6 %
NMRs fellesaktivitetar	3.857	4.108	-6,1 %
Globaliseringsinitiativ	0	0	
Totalt	125.993	132.624	-5,0 %

¹ Generalsekretærens forslag pr. 1. juni 2013

Vedlegg 2**Nordisk samarbeid. Nettstader**

Nordisk ministerråd	www.norden.org/no/nordisk-ministerraad
Nordisk råd	www.norden.org/no/nordisk-raad
Norsk formannskap i Nordisk ministerråd	www.regjeringen.no/norden2012
Nordisk Internettportal om trygdeytningar i Norden	www.nordsoc.org/sv/
Grensetenesta-Morokulien	www.gtm.nu
Nordisk skatteportal	www.nordisketax.net
Hallo Norden (informasjonstenesta til Nordisk ministerråd)	www.norden.org/no/norden-for-deg
Europaportalen	www.regjeringen.no/europaportalen
Foreningen Norden	www.norden.no


Vedlegg 3**Forkortingsregister**

BEG	Budgetexpertgruppen
EK-A	Embedsmandskomitéen for Arbejdsliv
EK-FINANS	Embedsmandskomitéen for Økonomi- og Finanspolitik
EK-FJLS	Embedsmandskomitéen for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
EK-JÄM	Embedsmandskomitéen for Ligestilling
EK-K	Embedsmandskomitéen for Kultur
EK-LOV	Embedsmandskomitéen for Lovsamarbejde
EK-M	Embedsmandskomitéen for Miljø
EK-NER	Embedsmandskomitéen for Erhvervs- og Energipolitik
EK-R	Embedsmandskomitéen for Regionalpolitik
EK-S	Embedsmandskomitéen for Social- og Helsepolitik
EK-U	Embedsmandskomitéen for Uddannelse og Forskning
ENS	Ekspertgruppen Nordens språkråd
FNF	Foreningerne Nordens Forbund
HØGUT	Styregruppen for nordisk samarbejde indenfor højere uddannelse
LOP	Lønns- og personalutvalget
MR-A	Ministerrådet for Arbejdsliv
MR-FINANS	Ministerrådet for Økonomi- og Finanspolitik
MR-FJLS	Ministerrådet for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
MR-JÄM	Ministerrådet for Ligestilling
MR-K	Ministerrådet for Kultur
MR-LAG	Ministerrådet for Lovsamarbejde
MR-M	Ministerrådet for Miljø
MR-NER	Ministerrådet for Erhvervs, Energi- og Regionalpolitik
MR-S	Ministerrådet for Social- og Helsepolitik
MR-U	Ministerrådet for Uddannelse og Forskning
MR-SAM	Samarbejdsministrene
NAB	Nordiska rådgivande nämnden för energiinformation
NAD	Nordiska nämnden för alkohol- och drogforskning

NAF	Nordisk Arbeidsgruppe for Fiskeriforskning
NAI	Nordiska Afrikainstitutet
NAPA	Nordens Institut i Grønland
NAR	Nordisk amatørteaterråd
NDF	Nordiska Utvecklingsfonden
NEFCO	Nordic Environment Finance Cooperation (Nordiska miljøfinansieringsbolaget)
NEF	Nordisk Energiforskning
NFS	Nordens Fackliga Samorganisation
NFTF	Nordisk Film- og TV-fond
NGB	Nordiska Genbanken
NGH	Nordisk Genbank Husdyr
NHR	Nordisk Handikappolitisk Råd
NHFØ	Nordens Hus på Færøerne
NHV	Nordiska högskolan för folkhälsovetenskap
NIAS	Nordisk Institut for Asienstudier
NIB	Nordiska Investeringsbanken
NICe	Nordisk InnovationsCenter
NIFCA	Nordiska instituttet för samtidskonst
NIFIN	Nordens Institut i Finland
NIFS	Nordisk institutt for sjørett
NIKK	Nordisk institutt for kunnskap om kjønn
NIOM	Nordisk institutt for odontologiske materialer
NIPÅ	Nordens institut på Åland
NIVA	Nordiska institutionen för vidareutbildning inom arbetsmiljøområdet
NKB	Nordisk kommitté för bioetik
NKF	Nordiska Konstförbundet
NKJ	Nordiskt Kontaktorgan för Jordbruksforskning
NKR	Nordkalotträdet
NKS	Nordisk kontakt om statsbyggeri
NKV	Nordisk kollegium for viltforskning
NMF	Nordiska Miljøudviklingsfonden
NMKL	Nordisk metodikkomité for næringsmidler
NMR	Nordisk Ministerråd
NOMESKO	Nordisk medicinalstatistikkomite
NOMUS	Nordiska Musikkommittén
NOPEF	Nordiska Projektexportfonden

NOP-HS	Nordiska publiceringskommittén för humanistiska och samhällsvetenskapliga -tidskrifter
NOPUS	Nordiska utbildningsprogrammet för utveckling av social service
NOR	Nordisk organ for reinforskning
NORA	Nordisk atlantsamarbejde
NORDA	Nordiskt samarbeide om teknisk akkreditering
NORDBUK	Nordisk Barn- og Ungdomskomite
NORDEX	Nordisk samarbeidskomite for offentlig tilsyn med brannfarlige og eksplosive varer
NORDFORSK	Nordisk forskningsråd
NORDICOM	Nordiskt informationscenter för medie- och kommunikationsforskning
NORDITA	Nordisk institut for teoretisk fysik
NORDKONS	Nordiskt konsumentsamarbejde
NORDREGIO	Nordic Centre for Spatial Development
NORDVULK	Nordisk vulkanologisk institut
NOREY	Nordens Hus i Reykjavik
NORMET	Samarbetsforum för nordisk metrologi (mätteknik)
NOS-HS	Nordiska samarbetsnämnden för humanistisk och samhällsvetenskaplig forskning
NOS-M	Nordiska samarbetsnämnden för medicinsk forskning
NOS-N	Nordisk samarbeidsnemnd for naturvitenskap
NOSOSKO	Nordisk socialstatistikkomite
NR	Nordisk Råd
NSfK	Nordisk samarbejdsråd for Kriminologi
NSFP	Nordisk Skovbrugs Frø- og Planteråd
NSH	Nordiska samarbetsorganet för handikappfrågor
NSHF	Nordisk samrådsgruppe på højt niveau for flygtningespørgsmål
NSI	Nordisk samisk institutt
NSK	Nordiska samarbetskommittén
NSS	Nordisk samarbeid innenfor skoleområdet
NSS	Nordiska kommittén för samordning av elektriska säkerhetsfrågor
NSU	Nordisk Sommeruniversitet
NTR	Nordiska träskyddsrådet
NTR	Nordiska tulladministrativa rådet
NUD	Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale
NVC	Nordens Vålfårdcenter
NVL	Nordisk nettverk for voksenes læring
NUD	Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale

NUK	Nordiska ungdomskommittén
ODIN	Nordisk skolenet
SLEIPNIR	Rejsestipendieordning for unge kunstnere i Norden under 36 år
SNEIL	Sekretariatet för de nordiska energiinformationsbiblioteken
SNS	SamNordisk Skogsforskning
VALHALLA	Nordisk nettverk for børne- og ungdomskultur



Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Omslagsillustrasjon: Camilla Isene

Trykk: 07 Xpress AS – 10/2013

